



Ekstraordinært Idrettskrinsting 2019

Myrkdalen
laurdag 9. november 2019

Innhald

Idrettskrinstinget

Program for tinget	Side	4
Sakliste	Side	5
Årsmelding 2018	Side	13
Rekneskap 2018	Side	57

PROGRAM

EKSTRAORDINÆRT IDRETTSKRINSTING 2019

Laurdag 9. november 2019, Myrkdalen Hotel

Kl. 10.00 – 11.00	Registrering Hordaland idrettskrets Servering wraps og frukt
Kl. 11.00 - 12.30	Ekstraordinært idrettskretsting for Hordaland idrettskrets.
Kl. 11.00 – 12.30	Lunsjbuffet for Sogn og Fjordane idrettskrins.
Kl. 12.00 – 12.30	Registrering Sogn og Fjordane idrettskrins
Kl. 12.30 - 14.00	Ekstraordinært idrettskrinsting for Sogn og Fjordane idrettskrins
Kl. 12.30 – 14.00	Lunsjbuffet for Hordaland idrettskrets

KONSTITUERANDE IDRETTSKRETSTING VESTLAND IDRETTSKRETS

Laurdag 9. november 2019, Myrkdalen Hotel

Kl. 14.00 – 14.30	Registrering
Kl. 14.30 – 16.00	Konstituerande idrettskretsting for Vestland idrettskrets
Kl. 16.00 – 16.15	Pause m/servering
Kl. 16.15 – 17.30	Framhald konstituerande idrettskretsting

SAKLISTE

Ekstraordinært Idrettskrinsting

Myrkdalen 9. november 2019

SAKLISTE

Opning

Helsingstalar

1.0 Konstituering

- 1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane**
- 1.2 Godkjenning av innkallinga**
- 1.3 Godkjenning av forretningsorden**
- 1.4 Godkjenning av saklista**
- 1.5 Val av dirigent**
- 1.6 Val av sekretærar**
- 1.7 Val av to representantar til å skrive under protokollen**
- 1.8 Val av teljekorps**

2.0 Årsmelding 2018

3.0 Rekneskap 2018

4.0 Behandle framlegg om samanslutning med Hordaland idrettskrets

5.0 Behandle framlegg om bruk av overskytande eigenkapital Sogn og Fjordane idrettskrins

SLUTT

SAKSHANDSAMING:

Opning Helsingstalar

1. Konstituering

1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane

Idrettskrinsstyret har kontrollert lista over representantar.

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskrinstinget godkjenner dei frammøtte representantane.

1.2 Godkjenning av innkallinga

Lovnorm for idrettskretsar seier at ekstraordinært idrettskrinsting skal innkallast med 1 månads varsel. Idrettskrinsstyret har lagt til grunn at ein overheld dei same fristane som for ordinære idrettskrinsting, og innkalling vart sendt ut elektronisk og offentleggjort på nettsidene til Sogn og Fjordane idrettskrins 9. august 2019.

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskrinstinget godkjenner innkallinga.

1.3 Godkjenning av saklista

Sak 1: Konstituering

1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane

1.2 Godkjenning av innkallinga

1.3 Godkjenning av forretningsorden

1.4 Godkjenning av saklista

1.5 Val av dirigent

1.6 Val av sekretærar

1.7 Val av to representantar til å skrive under protokollen

1.8 Val av teljekorps

Sak 2: Årsmelding 2018

Sak 3: Rekneskap 2018

Sak 4: Behandle framlegg om samanslutning med Hordaland idrettskrets

Sak 5: Behandle framlegg om bruk av overskytande eigenkapital Sogn og Fjordane idrettskrins

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskrinstinget godkjenner framlagt sakliste.

1.4 Godkjenning av forretningsorden

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

- 1) Tinget vert leia av den valde dirigenten /dei valde dirigentane. Protokollen vert ført av dei valde sekretærane, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
- 2) Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for framleggsstillar med framlegg på saklista, vert gitt nødvendig taletid for å presentere framlegget. For øvrige innlegg vert taletida sett til 3 min første gong, 1 min andre og tredje gong. Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og strek for dei inntegna talarane. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.
- 3) Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Framlegg kan berre gjerast i saker som står på saklista.
- 4) Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
- 5) I protokollen vert det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva framlegg som er fremma, kven som er framleggsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte sak, og resultatet av avstemminga med tal stemmer for og imot.

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskretstinget godkjenner framlegg til forretningsorden.

1.5 Val av dirigent:

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent: Geir Grime

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av dirigent.

1.6 Val av sekretærar

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av sekretærar:

Narve Heggheim (Tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

Vara: Erling Benjaminsen (Tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av sekretærar.

1.7 Val av to representantar til å skrive under protokollen.

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskrinsstyret gjer framlegg på tinget.

1.8 Val av teljekorps

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Administrasjon i Sogn og Fjordane idrettskrins vert brukt som teljekorps.

2. Årsmelding 2018

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskrinsstyret godkjenner årsmeldinga for 2018.

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret la fram for tinget årsmelding for 2018 til godkjenning.

3. Rekneskap 2018

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Idrettskrinsstyret godkjenner framlagd rekneskap for 2018.

Bakgrunn:

Rekneskap for 2018 er tekne inn i årsmeldinga. Idrettskrinsstyret syner til meldingar frå tilsett revisor og kontrollkomiteen, tekne inn i årsmelding.

4. Behandle framlegg om samanslutning med Hordaland idrettskrets

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Sogn og Fjordane idrettskrins vert slått saman med Hordaland idrettskrets med verknad frå 1.1.2020, slik at verksemda i Sogn og Fjordane idrettskrins held fram i Vestland idrettskrets (med framhald av Hordaland idrettskrets sitt org. nr. 944773738).

Bakgrunn:

Idrettstinget 2015 vedtok under behandling av Idrettspolitisk dokument 2015-2019, at følgende tiltak skal stå sentralt: "Strukturelle endringar for å tilpasse organisasjonen til statens forvaltningsreform dersom denne gjennomførast i tingperioden". Idrettsstyret vedtok 15.mars 2017 at norsk idrett skal gjere nødvendige strukturelle endringar for å tilpasse organisasjonen til regionsreforma og endra fylkesgrenser. Då det vart vedteke at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skulle slåast saman, tyder det at også idrettskretsane i dei to fylka må gjere det same.

5. Behandle framlegg om bruk av overskytande eigenkapital Sogn og Fjordane idrettskrins

Idrettskrinsstyret sitt framlegg til vedtak:

Av overskytande eigenkapital per 31.12.19 skal:

- 1) kr. 1 000 000 tildelast etter følgende modell som eingongsutbetaling:
 - a. Olympiatoppen Vest (kr. 150 000*)
 - b. Idrettsråd i Sogn og Fjordane (kr. 200 000*)
 - c. Særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane (kr. 650 000*)

*Fordeling blir gjort etter vedtatt fordelingsnøkkel (vedlagt).

- 2) Kr. 3 500 000 vert sett av som grunnkapital i ei stifting.
- 3) Resterande midlar etter årsoppgjeret 2019, vert overført stiftinga som ein tilleggskapital.
- 4) Føremålet med stiftinga er å dele ut midlar til utøvarar og prosjekt blant medlemar av organisasjonsledd tilslutta Norges Idrettsforbund sine underliggende organisasjonsledd i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn.
- 5) Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret i Sogn og Fjordane idrettskrins fullmakt til å opprette stiftinga.

Bakgrunn:

Sogn og Fjordane idrettskrins går inn i Vestland idrettskrets med lik eigenkapital som Hordaland idrettskrets. Idrettskrinsstyret oppnemnte hausten 2018 ei arbeidsgruppe bestående av representant frå idrettslag, idrettskrinsstyret og særkrins, som skulle gje ei tilråding til idrettskrinsstyret på bruk av midlane. Arbeidsgruppa har hatt regelmessig dialog med administrasjonen og styret i Idrettskrinsen. I dialogmøte med særkrinsar/regionar og idrettsråd i Sogn og Fjordane, har det vore orientert om framlegga til fordeling av midlar til idretten i fylket ved fleire høve. Hordaland idrettskrets har gjennom interimstyret for etableringa av Vestland idrettskrets vore orientert om idrettskrinsen sitt arbeid med bruk av overskytande eigenkapital.

Vedlegg til sak 5:

Framlegg om bruk av overskytande eigenkapital Sogn og Fjordane idrettskrins

Dette vedlegget gir utfyllande informasjon om punkt 1 i framlegg til vedtak om bruk av overskytande eigenkapital i Sogn og Fjordane idrettskrins. Framlegg i punkt 1 er å tildele kr. 1 000 000 som eingongsutbetaling fordelt på følgende organisasjonsledd:

1) Olympiatoppen Vest

Sum: kr. 150 000 (eingongsutbetaling) etter vedtak på ekstraordinært idrettskrinsting 9.11.19.

Tiltak/føremål:

Olympiatoppen Vest skal bruke midlane til gjennomføring av tiltak i organisasjonsledd tilslutta Norges idrettsforbund i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Tiltaka skal bidra til kompetanseheving og utvikling av enkeltutøvarar, lag, klubb- eller kretsmiljø, og trenarar/leiarar. Tiltaka kan ha form som temakveldar/foredrag/fagdagar (til dømes ernæring, skadeforebygging og mental trening).

2) Idrettsråd i Sogn og Fjordane:

Sum til fordeling: kr. 200 000 (eingongsutbetaling) etter vedtatt fordelingsnøkkel på ekstraordinært idrettskrinsting 9.11.19. Det er tatt utgangspunkt i idrettsråda sin struktur frå 1.1.2020. Fordelingsnøkkel er basert på sist rapporterte medlemstal (per 31.12.18).

Tiltak/føremål:

Idrettsråd har ikkje har støtte frå Norges idrettsforbund eller fylkeskommune. Økonomisk støtte skal gjere idrettsråda betre i stand til å oppnå dei lovbestemte oppgåvene dei har; å styrke idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet, dokumentere og synleggjere idretten sitt lokale omfang, utvikle idrettspolitiske handlingsprogram og vere ein møteplass og utviklingsarena i skjæringspunktet mellom offentlig og frivillig virke.

Forslag til fordelingsnøkkel:

Kommunar	Medl.tal 2018	Sum tildeling
Askvoll	951	4 653
Bremanger	1 212	5 930
Eid / Selje	3 780	18 494
Fjaler	1 430	6 996
Kinn (Flora / Vågsøy)	5 682	27 800
Sunnfjord (Førde/Naustdal/Gaular/Jølster)	7 543	36 905
Gloppen	3 977	19 458
Høyanger	1 922	9 404
Luster	2 050	10 030
Sogndal (Sogndal/Leikanger/Balestrand)	5 951	29 116
Stryn	3 395	16 610
Vik	788	3 855
Årdal	2 197	10 749
Totalt	40 878	200 000

3) Særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane

Sum til fordeling: kr. 650 000 (eingongsutbetaling) etter vedtatt fordelingsnøkkel på ekstraordinært idrettskrinsting 9.11.19. Sist rapporterte aktivitetstal (6-19 år) er lagt til grunn i fordelingsnøkkelen.

Tiltak/føremål:

Sogn og Fjordane idrettskrins foreslår å øymerke midlane til tiltak/prosjekt i Sunnfjord, Nordfjord eller Sogn som har til formål å rekruttere nye aktive, få fleire med lenger og dermed hindre fråfall i barne-, ungdoms- eller paraidrett.

Forslag til fordelingsnøkkel:

SÆRKRINSAR/REGIONAR	Fordeling basert på tal særiddrettsgrupper	Fordeling basert på aktivitetstal 6-19 år	Sum tildeling
NFF Sogn og Fjordane	69127	68754	137881
Sogn og Fjordane Friidrettskrins	66032	42751	108783
Sogn og Fjordane Gym- og turnkrets	15476	31717	47193
NHF Region Vest	29921	42452	72373
Sogn og Fjordane Orienteringskrins	11349	11083	22432
Sogn og Fjordane Rytterskrins	12381	13936	26317
Sogn og Fjordane Skikrins	48492	42079	90571
Sogn og Fjordane Skiskytterkrins	9286	10856	20142
Sogn og Fjordane Skytterkrins	25794	6268	32062
Sogn og Fjordane Symjekerkrins	11349	23298	34648
Nord-Vestlandet Vektløftarregion	7222	11379	18601
NVBF Sogn og Fjordane	18571	20426	38997
SUM TOTAL	325000	325000	650000

NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrins



Årsmelding 2018

ÅRSMELDING 2018 FOR SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

1.0. ORGANISASJON	17
1.1 Idrettskrinsen.....	17
1.1.1 Møte og sakshandsaming	17
1.1.2 Tillitsvalde	18
1.1.3 Tilsette.....	18
1.1.4 Representasjon og møte i idrettsorganisasjonane	19
1.1.5 Idrettens hus	20
1.1.6 «Årets frivillig i fylket».....	21
1.2 Idretten – lov og organisasjon	21
1.3 Kommunikasjon i organisasjonen.....	21
1.4 Medlemsutvikling	22
1.5 Idrettslag – nye lag – storkne lag	22
1.6 Politattest	23
1.7 Antidopingarbeid	23
1.8 Kompensasjonsordninger for meirverdiavgift	24
1.9 Grasrotandelen	25
2.0 INNSATSSOMRÅDA	26
2.1 Aktivitetsmål	27
2.1.1 Barneidrett.....	27
2.1.2 Ungdomsidrett.....	29
2.1.3 Vaksenidretten.....	33
2.1.4 Idrett for menneske med funksjonsnedsetting	35
2.1.5 Andre utdannings-/utviklingstiltak.....	37
2.2 Organisasjonsmål	39
2.2.1 Idrettslaga – idrettsråda – særkrinsane/regionane – den frivillig innsats.....	39
2.2.2 Kompetanseutvikling	47
2.3 Rammevilkår.....	51
2.3.1 Idrettsanlegg.....	51
2.3.2 Finansiering.....	53
2.3.3 Politisk påverknad	53
2.4 Idrett – samfunn – samhandling	54
2.4.1 Idretten sitt samfunnsansvar	54
2.4.2 Samhandling med offentlege aktørar	55
2.4.3 Tverridretsleg samhandling på regional og lokalt nivå	56

ÅRSMELDING 2018

SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

Idrettskrinsstyret summerer opp perioden

Sogn og Fjordane idrettskrins er med sine 192 idrettslag, 26 idrettsråd og nærmare 45 000 medlemmar den største frivillige organisasjonen i Sogn og Fjordane. Idrettskrinsen er eit servicesenter for idrettslaga og idrettskrinsen skal jobbe for å styrke idretten si rolle og betre idrettslaga sine rammevilkår.

Idretten i Sogn og Fjordane er ei viktig merkevare for fylket vårt, og det er ei imponerende breidde i aktivitetstilbodet i idrettslaga våre. Fylket har mange gode prestasjonsmiljø som jamleg får fram utøvarar, trenarar og leiarar som hevdar seg på nasjonalt og internasjonalt nivå.

FRIVILLIG INNSATS. Norsk idrett har vist evne til å oppretthalde eit breitt frivillig engasjement, og dugnadsanda er framleis sterk i idretten – også i Sogn og Fjordane. Statistisk sentralbyrå stipulerer verdien av frivillig arbeid i norsk idrett 17,3 milliardar kroner. I Sogn og Fjordane er verdien berekna til over 370 millionar kroner.

DEI ØKONOMISKE RAMMEVILKÅRA for idrettslaga vart overordna sett ytterlegare styrka i 2018. Det var auke i dei fire etablerte kompensasjons- og tilskotsordningane for idrettslag (LAM, momskompensasjon varer og tenester, momskompensasjon idrettsanlegg og grasrotandelen).

REGIONALISERINGSPROSESSEN med samanslåing til Vestland idrettskrins/krets frå 1.1.20 har stått sentralt i arbeidet til styret etter idrettskrinstinget i april 2018. Idrettstinget vedtok i 2015 at norsk idrett skal foreta strukturelle endringar for å tilpasse organisasjonen til statens forvaltningsreform dersom denne gjennomførast i tingperioden. Dette innleia prosessen til vedtak på Idrettskrinstinget i 2018, der idrettskrinstinget gav idrettskrinsstyret fullmakt til å starte arbeidet med å forhandle om eventuell regionalisering av Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins frå 1.1.20. Det vart i etterkant av idrettskrinstinget oppnemnd eit interimstyre, der Nils R. Sandal har hatt leiarvervet sidan hausten 2018. Lilly Schøyen har vore idrettskrinsstyret sin andre representant i interimstyret saman med leiar og nestleiar frå Hordaland idrettskrets sitt styre.

Vi har vore opptatt av å ha ei offensiv tilnærming til prosessen, og ei uttalt målsetjing er at idrettslag, idrettsråd, særkrinsar og regionar skal få ei betre oppfølging når vi får samla kreftene til ein stor idretsregion. Det er også ei sentral målsetjing at prosessen skal vere open og i dialog med idretten i fylket. Særkrinsar og regionar i fylket vart invitert til informasjons- og dialogmøte om regionaliseringsprosessen hausten 2018, noko som vart lagt vekt på å følgje opp vidare i 2019.

MODERNISERING av norsk idrett var eit sentralt tema hausten 2018, og var ein krevjande prosess som kom samtidig med arbeid med regionalisering. NIF presenterte tre ulike modellar for framtidig organisering, der det til dømes var forslag om å fjerne dei politiske styra på krinsnivå. Høyringsutkastet skapte stort engasjement, og det kom mange innspel til styret som vart formidla vidare til NIF for vidare saksgang mot Idrettstinget i 2019.

SAMHANDLING og å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten i fylket, har også i 2018 lege til grunn for idrettskrinsen sitt arbeid på prioriterte innsatsområde i perioden. Styret har hatt stort fokus på tiltak som fag- og dialogmøter med særkrinsane og regionane våre. Vi har vore mykje

rundt i organisasjonen på møte med idrettslag og idrettsråd, dette har styrka samhandlinga på tvers og arbeidet for å nå felles mål. Eit utspring av dette, er til dømes Idrettens Møteplass, som vart arrangert for andre gong i 2018. Samhandling på tvers vil vere eit viktig satsingsområde også framover.

Vi vil rette stor takk til alle våre idrettsvenner i heile fylket og til alle våre samarbeidspartar for flott engasjement og innsats for idretten i 2018.

Idrettskrinsstyret 2018-2019



Styreleiar
Nils R. Sandal



Nestleiar
Arve Heimdal



Styremedlem
Emil Hillestad



Styremedlem
Ruth-Sølvi Helland



Styremedlem
Lilly Schøyen



Varamedlem
Ingrid Heien



Varamedlem
Stian Grimseth

1.0. ORGANISASJON

1.1 Idrettskrinsen

1.1.1 Møte og sakshandsaming

Idrettskrinstinget 2018

Idrettskrinstinget 2018 vart halde i Sogndal 14. april med totalt 53 deltakarar (med gjester og administrasjon). Årsmelding og protokoll finn ein på heimesida på denne linken:

<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/sogn-og-fjordane-idrettskrins/om-idrettskrinsen/idrettskrinsting/>

Møte i idrettskrinsstyret

Styret i Sogn og Fjordane idrettskrins hadde det siste styremøtet for perioden 2016-2018 den 13.4.19 med behandling av 3 saker. For den perioden vart det totalt halde 14 styremøte med behandling av 58 saker.

For perioden som starta etter tinget i 2018 vart det halde 4 møte med behandling av 13 saker i 2018.

Saker som har vore jobba med i 2018:

- Realisere måla i Handlingsplan 2016-2020
- Rullering av Handlingsplan 2016-2020
- Deltaking på leiarmøter, krinsleiarmøter og dialogmøter i NIF
- Markere idretten som ein viktig samfunnsaktør og verdiskapar i Sogn og Fjordane.
- Framtidig organisering av norsk idrett og ny anleggspolitikk
- Samanslutning av Sogn og Fjordane Idrettskrins og Hordaland idrettskrets
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 og Regional plan for kultur 2019-2027
- Politisk påverknad og styrking av rammevilkåra for idretten i Sogn og Fjordane.
- Styrking av rammevilkår for idrettskrinsane.
- Utviklingavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Samarbeid med idrettsråd og særkrinsar/regionar og offentlege aktørar

Høyringar og innspel:

Sogn og Fjordane fylkeskommune

- Høyring Regional plan for kultur 2019-2027 og tilhøyrande handlingsprogram 2019-2022

NIF:

- Forslag til framtidig organisering av norsk idrett
- Forslag til ny anleggspolitikk
- Spelemiddelsøknad 2019
- Uttale frå interimstyret til Idrettsstyret om regionalisering og modernisering av norsk idrett

Deltaking i politiske debattar og møte:

- Møte om regionalisering til Vestland IK med Sogn og Fjordane og Hordaland IK
- Innlegg på møte i fellesnemnda Vestland fylkeskommune

1.1.2 Tillitsvalde

Idrettskrinsstyret

Leiar:	Nils R. Sandal	Byrkjelo
Nestleiar:	Arve Heimdal	Stårheim
Styremedlemmer:	Emil Hillestad	Årdal
	Ruth-Sølvi Helland	Florø
	Lilly Schøyen	Sogndal
Varamedlemmer:	Ingrid Heien	Sandane
	Stian Grimseth	Naustdal

Revisjon

Engasjert revisor:	PricewaterHouseCoopers	Førde
Kontrollkomite:	Terje Gjertsen	Førde
	Björg Eikum Tang	Sogndal
Varamedlemmer:	Ann Kristin S. Vindheim	Førde
	Terje Steinar Vallestad	Viksdalen

Valnemnd

Leiar:	Arvid Gimmestad	Gloppen
Medlemmer:	Linda Hovland	Dale
	Magne Knudsen	Årdal
Varamedlem:	Jorunn Åsfrid Røyrvik	Vik

1.1.3 Tilsette

Tilsette i Sogn og Fjordane idrettskrins

Ved utgangen av 2018 hadde Sogn og Fjordane idrettskrins 2 tilsette fordelt på 2 årsverk. 1 stilling var ubesatt.

I perioden har Sogn og Fjordane idrettskrins hatt desse tilsette:

Tittel	Namn	Tilsett	Still. andel
Organisasjonssjef	Anne Leversund	01.09.12 – 30.11.18	100 %
Plan- og utviklingsleiar	Ingrid Narum	01.09.14 – 30.04.18	100 %
Idrettsfagleg konsulent	Bodil Ryste	13.08.18 -	100 %
Økonomikonsulent	Erling Benjaminsen	05.07.99 -	100 %

Tilsette i særkrinsar/regionar og særforbund

Ved utgangen av 2018 hadde særiddrettane 11 tilsette i Sogn og Fjordane fordelt på 5 særkrinsar/regionar og 9,5 årsverk.

Tittel		Namn	Still. andel
Dagleg leiar	Sogn og Fj. Friidrettskrins	Asgeir Årdal	60 %
Administrasjonssjef	Sogn og Fj. Skikrins	Ingrid Narum	100 %
Seriekonsulent Sogn og Fjordane	NHF Region Vest	Oddny Grete Njåten	100 %
Regionkonsulent	NVBF Region Sogn og Fj.	Elisabeth Bjørvik	40 %
Dagleg leiar	NFF Sogn og Fj.	Svein Olav Myklebust	100 %
Dommar- og seriekonsulent	NFF Sogn og Fj.	Yngve Håkonsen	100 %
Aktivitets og arr. ansvarleg	NFF Sogn og Fj.	Hildegunn Hove	100 %
Spelarutviklar	NFF Sogn og Fj.	Jan Tore Jåstad	100 %
Klubbutviklar	NFF Sogn og Fj.	Anders Veibust	100 %
Trenarutviklar	NFF Sogn og Fj.	Marius Lenni Bøe	100 %
Klubbutviklar jente/dame	NFF Sogn og Fj.	Rasmus Olstad Semmerud	50 %

1.1.4 Representasjon og møte i idrettsorganisasjonane

Representantar i nemnder, råd eller utval

Anne Leversund: Samarbeidsutvalet NIF 2016-2018

Nils R. Sandal: Medlem i valkomiteen i NIF 2018

Nils R. Sandal og Lilly Schøyen: Leiar og medlem i interimstyret for regionaliseringa Sogn og Fjordane Idrettskrins og Hordaland idrettskrets

Eigen representasjon og deltaking i andre sine møte

Idrettskrinsstyret har representert på leiarmøta i NIF og andre sentrale møte i NIF, møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunar, på politisk og administrativt nivå.

Idrettskrinsstyret og/eller administrasjonen har vore representert på særkrins-/regionstinga, på årsmøta i idrettsråda, ved jubileumsarrangement i idrettslag og møte elles med organisasjonsledda og andre.

Type	Stad/Organisasjon	Dato	Representant
Idrettsgalla NIF	Hamar	6.1.18	Nils R. Sandal
Dialogmøte idrettsråda i nye Sunnfjord kommune	Førde/»Nye» Sunnfjord	15.1.18	Anne Leversund
Informasjonsmøte NIF	Oslo	24.1.18	Sandal/Leversund
Dialogmøte særkrins/region	Førde	29.1.18	Sandal/Leversund
Fellesmøte styra Hordaland og Sogn og Fjordane Idrettskrins	Bergen	2.-3.2.18	Styret + Leversund
Fellesnemnda Vestland FK	Leikanger	7.3.18	Sandal/Leversund
Årsmøte	Førde idrettsråd	12.3.18	Ruth Sølvi Helland
Årsmøte	Askvoll idrettsråd	14.3.18	Nils R. Sandal

Kretsleiar møte NIF	Gardermoen	16.3.18	Nils R. Sandal
Årsmøte	Eid idrettsråd	19.3.18	Nils R. Sandal
Anleggskonferanse	Bergen	5.4.18	Anne Leversund
Regioning Handball region vest	Bergen	7.4.18	Nils R. Sandal
Krinsting Friidrettskrinsen	Skei	7.4.18	Arve Heimdal
Gullserien bankett	Førde	7.4.18	Ruth Sølvi Helland
Årsmøte	Gloppen idrettsråd	12.4.18	Anne Leversund
Fagseminar + Idrettskrinsting	Sogndal	13.-14.18	Styret + adm
Dialogmøte idrettsråda i nye Kinn kommune	Florø	17.4.18	Anne Leversund
Årsmøte	Selje idrettsråd	18.4.18	Ruth Sølvi Helland
Årsmøte	Årdal idrettsråd	24.4.18	Anne Leversund
Kretsleiar møte NIF	Gardermoen	25.- 26.5.18	Sandal/Leversund
Dialogmøte idrettsråda i nye Sogndal kommune	Sogndal	29.5.18	Leversund
Mottaking NM-friidrett	Byrkjelo	16.8.18	Leversund
Dagleg-leiar møte	Førde	27.8.18	Leversund/Ryste
Møte 01 Interimstyret	Førde	18.9.18	Sandal/Heimdal/Leversund
Dialogmøte særkrins og region	Førde	18.10.18	Styret + adm
Idrettens Møteplass	Sogndal	27.10.18	Schøyen, Sandal, Ryste og Benjaminsen (adm)
Møte 02 Interimstyret	Bergen	28.10.18	Sandal/Schøyen/Leversund
Grenselaus Idrettsdag	Førde	2.11.18	Ryste
Møte 03 Interimstyret	Førde	18.11.18	Sandal/Schøyen/Leversund
Leiar møte NFF Sogn og Fjordane	Førde	24.- 25.11.18	Nils R. Sandal

1.1.5 Idrettens hus

Sogn og Fjordane idrettskrins held til på «Idrettens hus» i Concordbygget i Førde. Lokala er del av eit sameige/eigarseksjon i eit større næringsbygg sentralt i Førde.

Idrettens Hus er eigd av Sogn og Fjordane idrettskrins. Forutan idrettskrinsen sine egne tilsette stiller idrettskrinsen kontorplass til disposisjon for Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Sogn og Fjordane Skikrins, NHF Region Vest og NVBF Region Sogn og Fjordane på Idrettens hus. 2 ekstra kontor er p.t. utleige til ekstern leigetakar.

1.1.6 «Årets frivillig i fylket»

Idrettskrinsstyret innstifta i 2014 ein pris for å heidre dei som har gjort ein stor frivillig innsats for idrettslaget sitt og lokalmiljøet sitt. Frå og med 2017 valde styret å samordne utmerkinga med fylkesvinnar av den nasjonale prisen «Årets ildsjel» som delast ut på Idrettsgallaen.

Kriteria for å bli nominert:

- Vedkommande har gjort ein solid innsats for idretten
- Ho/han kan vere enten trenar, tillitsvalt eller ha andre verv i idretten
- Ikkje vere heiltidstilsett

Det var ope for alle å nominere kandidatar, og idrettsorganisasjonane i fylket vart særskilt oppmoda. Fylkesvinnaren av prisen «Årets ildsjel» i 2018 vart Jan Ove Hafstad frå Førde Volleyballklubb. Prisen skal delast ut på ein av heimekampane til Førde Volleyballklubb i 2019.

Grunngjeving for tildelinga:

Jan Ove Hafstad har vore aktiv i klubben heilt frå klubben vart stifta. Han har mange forskjellige oppgåver i klubben: oppmann, lagleiar, sponsoransvarleg, nestleiar, arrangementsansvarleg, dagnadsansvarleg. Ingen oppgåver er for store, ingen oppgåver er for små. Han har vore med i styret meir eller mindre sidan 1974 og stiller opp når ingen andre finn tid. Vi kallar han «Mr. Volleyball» i Førde, og han er svært sentral i volleyballmiljøet i heile Sogn og Fjordane. Vi vil påstå at alle klubbane i Sogn og Fjordane kjenner til han, og han er svært opptatt av eit godt samarbeid med klubbane i regionen. Når klubben har vore deltakar i Cupfinalen har Jan Ove vore "arrangementsansvarleg" både i Førde og Oslo. Jan Ove er engasjert på alle nivå, heilt frå ungane er 7 år og fram til elitelaget, han står på for at alle skal få eit godt tilbod, og han er interessert i alle nivå.

1.2 Idretten – lov og organisasjon

Idrettskrinsen har eit dagleg oppfølgingsarbeid ovanfor idrettslag og idrettsråd på lovtekniske og ulike forvaltningsmessige sider ved organisasjonsarbeidet.

Av konkrete oppgåver knytt til området tek vi med:

- Deltaking i NIF sine skuleringsseminar i sakshandsaming og lov- og domsspørsmål.
- Oppdatering av lover for idrettslag og idrettsråd med rettleiing i høve praksis.
- Rettleiing i høve kjønnsbalanse i organisasjonsledda sine styre og ved årsmøte.
- Kvalitetssikring av samordna rapportering overfor idrettslaga.
- Følgd opp idrettsråda i høve funksjon og ansvarsområde.


1.3 Kommunikasjon i organisasjonen

Idrettskrinsen nyttar fleire informasjonskanalar for å nå ut med informasjon til organisasjonsledda. Det vert lagt ut nyheiter frå organisasjonen på nettstaden www.idrettskrinsen.no og på eiga facebookside. Det vert i tillegg sendt ut regelmessige nyheitsbrev og anna informasjon via epost til organisasjonsledda sine registrerte adresser.

Alle idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar vert oppfordra til å distribuere vidare informasjon til sine medlemar og sitt nettverk.

1.4 Medlemsutvikling

Figuren syner utviklinga i medlemsmassen i Sogn og Fjordane fordelt på kjønn for perioden 1983-2018. Tala er basert på idrettsregistreringa pr. 31.12.18.



Medlemstalet i dei 191 idrettslaga var pr. 31.12.18 44 271 medlemmar som tilsvarar 40,3% av innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Det er viktig framover at idrettslaga held oppe sitt gode arbeid med å rekruttere medlemmar for å oppretthalde det høge nivået vi har i fylket i høve medlemstal.

1.5 Idrettslag – nye lag – strokne lag

Nye idrettslag			
Ytre Nordfjord Ride og Kjøreklubb		Årdal Klatreklubb	Vågsøy Motorsportklubb
Strokne idrettslag			
Gudvangen IL		Stad Surfeklubb	
Nye grupper			
Sunnfjord Idrettslag	Klatregruppe	Vikane IL	Gym-turngruppe
Svelgen T&IF	Sysselgruppe	Selje IL	Triathlongruppe
Strokne grupper			
Vikane IL	Sysselgruppe	Stryn T&IL	Cheerleading
Tambarskjelvar IL	Bogeskyting	Vetlefjorden IL	Motorsportgruppe
Sogndal IL	Volleyballgruppe	IL Frøy	Biljardgruppe
Aurland IL	Volleyballgruppe	Svelgen T&IF	Bogeskyting
Sandane T&IL	Tennis		
Namnendring			

1.6 Politiattest

Alle personar som skal utføre oppgåver i eit idrettslag som inneber eit tillits- eller ansvarstilhøve ovanfor mindreårige eller personar med utviklingshemming, skal ha vist fram politiattest. Dette medfører at personar i idrettslag med trenar- og/eller leiaroppgåver og som har direkte kontakt med mindreårige eller personar med utviklingshemming, alltid vil kome inn under ordninga. For andre oppgåver må idrettslaget gjere ei konkret vurdering av kva grad oppgåvene vedkommande skal ha inneber eit slikt ansvars- eller tillitsforhold.

Idrettskrinsen si oppgave er å sjå til at idrettslaga er kjent med ordninga og har utnemnt ein person som er ansvarleg for innhenting og oppfølging av politiattestar. I tillegg gjev idrettskrinsen rådgjeving på spørsmål om ordninga frå idrettslaga.

I april 2018 publiserte NIF ei oppdatering kring ein langvarig uavklart situasjon rundt politiattestordninga. Praksisen hadde vore slik at ein må sørge for å framvise politiattest seinast kvart tredje år, og ikkje for kvar gong ein har fått ny oppgave i idretten. Finnmark politidistrikt ville ikkje utstede nye politiattestar til bruk i idrettslag dersom personen hadde attest frå før. Saman med Finnmark politidistrikt valde NIF løfte problemstillinga til Politidirektoratet, som ikkje har respondert på brev eller etterfølgande påminning. Inntil vidare oppfordrast difor idrettslag til å avvente å søke om ny politiattest for personar som tidlegare har framvist politiattest for idrettslaget. Attesten vil vere gyldig sjølv om den var eldre enn tre år.

1.7 Antidopingarbeid

Hovudmål: «Ein trygg, ærleg og dopingfri idrett».

Eitt av delmåla: Alle organisasjonsledd er tydeleg i si haldning mot doping og gjennomfører antidopingprogramma «Rent idrettslag» og «Ren utøver».

Programmet «Rent idrettslag» er eit godt eigna verkemiddel og ein enkel måte for idrettslaget å setje fokus på verdiarbeid og antidoping. Programmet utfordrar laget og deltakarane på å ta stilling til og vise si haldning til doping. Det same gjer programmet «Ren utøver». Idrettskrinsen har sett som arbeidsmål å informere om «Rent idrettslag» og «Ren utøver» ved ulike møtearenaer der dette er mogleg. Det er sendt oppfordring til idrettslaga, idrettsråda og særkrinsane/regionane om å gjennomføre programmet og registrerer seg.

Antidoping Norge vart invitert til Idrettens Møteplass, men hadde ikkje muligheit til å stille dette året.



1.8 Kompensasjonsordningar for meirverdiavgift

Momskompensasjon – idrettsanlegg

Den rammestyrt ordning for kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg er søknadsbasert og blir forvalta av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

År	Godkjent søknadsbeløp	Tildelt beløp	Tildelt til idrettslag i Sogn og Fjordane
2010	14 330 509,-	14 330 509,-	230 464,-
2011	26 728 211,-	26 728 211,-	3 554 744,-
2012	Ca. 67 560 000,-	60 409 877,-	1 195 027,-
2013	62 319 473,-	62 319 473,-	317 178,-
2014	113 833 019,-	113 812 833,-	3 650 900,-
2015	171 887 944,-	171 887 944,-	4 224 786,-
2016	192 271 948,-	191 862 328,-	6 087 710,-
2017	169 302 568,-	169 302 568,-	5 954 388,-
2018	304 002 686,-	304 002 686,-	11 011 124,-

Momskompensasjon - varer og tenester

Formålet med ordninga er å kompensere dei kostnadane som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester. Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) skal forvalte ordninga på vegne av alle sine medlemsorganisasjonar.

Idrettsorganisasjonar med totale driftskostnader < 5 millionar skal berre rapportere eitt enkelt tal, dei totale driftskostnadene til den frivillige og ikkje-fortenestebaserte verksemda.

Dei totale driftskostnadene skal hentast direkte frå det årsmøtegodkjente rekneskapen.

Idrettsorganisasjonar med totale driftskostnader > 5 millionar skal søke på eige fastsett skjema vedlagd stadfesting frå revisor.

År	Total tildelt	Utbetaling til idretten	Utbetalt til idrettslag i Sogn og Fjordane
2010	397 860 582,-	158 174 241,-	1 760 561,-
2011	597 126 429,-	236 769 135,-	4 141 470,-
2012	619 583 288,-	235 960 020,-	3 918 371,-
2013	940 966 170,-	361 763 121,-	5 962 141,-
2014	1 191 554 192,-	446 317 383,-	7 269 391,-
2015	1 222 201 973,-	455 537 928,-	6 842 468,-
2016	1 290 951 400,-	481 176 040,-	6 829 960,-
2017	1 319 002 997,-	487 378 496,-	7 504 806,-
2018	1 422 459 106,-	518 567 968,-	7 261 437,-

1.9 Grasrotandelen

Grasrotandelen blei lansert 01.03.09. Grasrotandelen er ei ordning som gjer det mogleg for spelarar hos Norsk Tipping å gi 7 prosent av speleinnsatsen direkte til ein frivillig organisasjon. Ein spelar kan velje ut eit lag vedkomande ønskjer å støtte. Laget får overført ein sum tilsvarende 7 prosent av speleinnsatsen utan at det reduserer det den einskilde spelar for eller eventuell premie.

”Grasrotandelen” er eit godt høve for idrettslaga å få direkte støtte til sitt arbeid i lokalmiljøet. I Sogn og Fjordane er pr. 31.12.18 162 idrettslag/klubbar registrert som grasrotmottakarar.

I 2010 var det utbetalt **kr. 3 854 092,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2011 var det utbetalt **kr. 4 091 062,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2012 var det utbetalt **kr. 4 618 149,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2013 var det utbetalt **kr. 4 540 736,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2014 var det utbetalt **kr. 4 491 397,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2015 var det utbetalt **kr. 4 752 672,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2016 var det utbetalt **kr. 5 154 160,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2017 var det utbetalt **kr. 5 086 335,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2018 var det utbetalt **kr. 6 964 713,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

Dei laga som hadde størst utbetaling av grasrotandelen var:

Grasrotandel 2017		Grasrotandel 2018	
Florø Sportsklubb	223 974,-	Florø Sportsklubb	302 642,-
Førde Idrettslag	222 132,-	Førde Idrettslag	252 145,-
Eid Idrettslag	176 418,-	Idrottslaget Jotun	217 943,-
Idrottslaget Jotun	169 828,-	Eid Idrettslag	194 444,-
Årdal Fotballklubb	168 402,-	Idrettslaget Syril	185 582,-



2.0 INNSATSOMRÅDA


Grunnlaget for arbeidet på ulike innsatsområde i tingperioden, er Handlingsplan 2016-2020 Idretten i Sogn og Fjordane og Idrettspolitisk dokument 2015-2019 (IPD).

Idrettskrinsstyret rapporterer i denne delen av årsmelding tilbake på mål og delmål i Handlingsplan 2016-2020. Handlingsplanen vart rullert på Idrettskrinstinget i 2018. Frå innleiingskapittelet i planen siterer vi følgjande:

Denne felles handlingsplanen for idrettsorganisasjonane i Sogn og Fjordane legg retninga og mål på fellesidrettslege innsatsområde i organisasjonsledda sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for medlemmane.

Visjonen «Gode i hop» skal prege idretten i Sogn og Fjordane. Den skal gi retning for fellesskap og inkludering, å arbeide saman om felles mål og å tilby kunnskaps- og verdibaserte aktivitetstilbod til medlemmane. Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket. Saman skal vi gjere vårt beste for å skape trygge oppvekstmiljø og vennskap, yte aktivitetstilbod etter ønske frå medlemmane og spreie idrettsglede.

Idrettskrinstinget 2018 vedtok gjennom handlingsplanen prioriteringar som ein saman særleg skulle arbeid for dei neste to åra:

-  Gode rammevilkår for idretten i fylket.
-  Utvikle organisasjonskompetansen til idrettslaga.
-  Fleire unge vel å vere aktive og får utvikle seg innanfor idrettslaga, som utøvar, trenar eller leiar.
-  Styrke og utvikle idrettsråda.

2.1 Aktivitetsmål

Kjerneprosessar i idretten:




Idrettsarbeidet må vere bygd opp rundt desse prosessane for å levere aktivitetstilbod til medlemmane i tråd med føremålet.

2.1.1 Barneidrett


Mål: Idrettslaga har eit ope tilbod for barn som gir høve til eit variert og allsidig aktivitetstilbod i trygge og stimulerande oppvekstmiljø.

Utvikling i medlemstal og aktivitetstal i aldersgruppa 6-12 år:



Barn 6-12 år	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal i aldersgruppa	9671	9710	9742	9720	9587
Medlemstal	9361	9386	9607	9682	9481
Aktivitetstal	15260	14602	13956	14810	14169
Medlemstal i % av folketal	97 %	97 %	99 %	100 %	99 %
Aktivitetstal i % av folketal	158 %	150 %	143 %	152 %	148 %

Medlemstala for aldersgruppa 6-12 år har hatt ei auke i perioden 2014 til 2017, men ein nedgang i 2018. Det same har innbyggjartal, medan aktivitetstala har hatt ein nedgang sidan 2014. Aktivitetstala syner store prosenttal i høve folketalet då mange i aldersgruppa deltek i fleire idrettar. Høge prosenttal gir uttrykk for allsidig deltaking.



Etter ein auke i tala i 2017, er aktivitetstala i 2018 om lag på nivå med 2016.

Idrettsskule for barn

Oppstarts- og utviklingsstøtte 2018	Tilskot
Hardbagg IL	8500,-
IL Høyang	8500,-
Tambarskjelvar IL	8500,-
Vik IL (oppstartsstøtte)	16000,-
Norane IL	8500,-
IL Jotun	8500,-
Balestrand IL	8500,-
Stadlandet IL	8500,-

Deltakartal

Pr. 31.12.18 var det registrert 2956 deltakarar i 48 idrettsskular for barn i Sogn og Fjordane. I 2017 var talet 3059 i 49 idrettsskular. Dette er auke i tala med kring 500 frå åra 2015 og 2016.

Talet på registrerte idrettsskular har halde seg stabilt.


Fagutvikling barneidrett - tiltak

Aktivitetsleiarkurs barneidrett vart gjennomført i Hafslo, Førde og Øvre Årdal i 2018 med totalt 33 deltakarar. Det vart i tillegg halde ein temakveld for barneidrettsinstruktørar i Gaular IL og foreldremøte med tema barneidrett i Dale IL.

2.1.2 Ungdomsidrett


Mål: Idrettslaga og særkrinsane/regionane kjem i møte ungdom som vil ha eit variert og inkluderande idrettstilbod, der dei møter vener, har det kjekt og blir så gode som dei sjølv vil.

Utvikling i medlems- og aktivitetstal aldersgruppa 13-19 år:



Ungdom, 13-19 år	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal i aldersgruppa	10632	10548	10591	10498	10430
Medlemstal	8020	8460	8388	8495	8519
Aktivitetstal	9194	8514	8574	9013	9226
Medlemstal i % av folketal	75 %	80 %	79 %	81 %	82 %
Aktivitetstal i % av folketal	86 %	81 %	81 %	86 %	88 %

Medlemstala for aldersgruppa 13-19 år har hatt jamn auke frå 2016, og også ein auke totalt sett frå 2014. Aktivitetstala syner den same tendensen, med jamn auke frå 2016 og ein auke totalt sett frå 2014. Folketalet har gått litt ned i same perioden.



Aktivitetstala i aldersgruppa 13-19 år syner ein jamn auke dei siste tre åra. Tala viser også at skilnaden i aktivitetstal mellom jenter og gutar i aldersgruppa 13-19 år har blitt gradvis mindre.



Ungdomsløftet er norsk idrett si tiårige satsing fram mot 2022 for å rekruttere og behalde ungdom i norsk idrett. Målet er at ungdom mellom 13 og 19 år skal vere med lengst mogleg som aktive, men også i rolla som trenarar, leiarar, dommarar og frivillige med ansvar for ulike oppgåver i klubben.

Idrettsskule for ungdom

Idrettsskule for ungdom er ei støtteordning der idrettslag kan søke om midlar til å sette i gong eit variert lågterskel aktivitetstilbod for ungdom. Stadlandet IL og Balestrand IL fekk innvilga kr. 11 000 i oppstartsstøtte i 2018. Pr. 31.12.18 var det registrert 155 ungdom som deltakarar i idrettsskular i Sogn og Fjordane, mot 97 i 2017 og 91 i 2016.

Fagutvikling ungdomsidrett - tiltak

I 2018 var tiltaket «Treningssamling på tvers» på Idrettens Møteplass, der ungdom frå 12-15 år fekk trene saman på tvers av idrettar. Trenarar og foreldre får høve til å delta som observatørar på samlinga. Det vart nytta fagressursar frå Olympiatoppen Vest og frå Høgskulen på Vestlandet som trenarar på samlinga. Ca 35 unge deltok på samlinga i 2018. Inkludert i samlinga var eit foredrag om ernæring frå Olympiatoppen Vest.

Spissa idrettstilbod i vgs. for potensielle toppidrettsutøvarar

Ordninga med spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring gjeld inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett, og vart sett i gong frå 2012 etter vedtak i hovudutvalet for opplæring i fylkeskommunen med følgjande tilbod:

Skiskyting, Stryn vidaregåande skule

Fotball, Sogndal vidaregåande skule

Volleyball, Hafstad vidaregåande skule

Ordninga har ei elevtalsramme med inntil 15 elevar for alle årstrinn pr. skule. For skuleåret 2017-2018 gjaldt ordninga for skiskyting ved Stryn vgs. berre for vg3, då det vart oppretta landslinje i skiskyting ved skulen med tilbod knytt til vg1 og vg2.

Ei viktig side ved det spissa tilbodet er samspelet mellom den enkelte skule og idretten, mellom klubben, undervisningsansvarlege og leing på skulen, trenar(ane) og den enkelte utøvar/elev. Totaltilbodet for utøvaren/eleven med trening og utvikling både i og utanfor skuletid skal bli styrka gjennom tilbodet, der den daglege oppfølginga frå klubbtrenarar og fagkrefter ved skulane blir lagt godt til rette.

Tal søkjarar og inntekne elevar/utøvarar ved dei tre skulane:

Skuleåret 2018-2019: Søkjarar: 39 Inntak: 28

Sogn og Fjordane idrettskrins gjev tilråding om opptak til fylkeskommunen etter innstilling frå dei tre aktuelle særkrinsane/region.

Oppfølging av tilbodet

Administrasjon har hatt jamleg dialog med representantar for opplæringsavdelinga i fylkeskommunen for å oppdatere og utbetre sakshandsaming og informasjon om ordninga.

Ordning med inntak av potensielle toppidrettsutøvarar i vgs.

Ordninga inntak av potensielle toppidrettsutøvarar på særlege vilkår ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane er ført vidare i perioden. Idrettskrinsen gjev tilråding om inntak til fylkeskommunen etter innstilling frå særkrinsane /regionane.

Skuleår	Idrett	Tal søkjarar	Tal inntekne	Skule
2018-2019	Fríidrett	3	3	Firda vgs
	Fríidrett	3	3	Hafstad vgs
	Fríidrett	1	1	Stryn vgs
	Handball	2	1	Firda vgs
	Handball	1	0	Flora vgs
	Handball	1	1	Sogndal vgs
	Vektløfting	2	2	Firda vgs
	Orientering	1	1	Stryn vgs
	Ski	4	4	Hafstad vgs
	Ski	10	10	Sogndal vgs
	Ski	1	1	Sygna vgs
	Ski/Sykkel	1	1	Høyanger vgs
	Ski	1	1	Dale vgs
	Golf	1	1	Flora vgs

Totalt 26 utøvarar fekk plass i ordninga for skuleåret 2018-2019. Fleire av utøvarane kombinerer idrettar, til dømes vektløfting og fríidrett, langrenn og fríidrett og langrenn og sykkel

Samordning av terminlister aldersfastlagde klassar

Idrettskrinsen legg til rette for samordning mellom dei største særiddrettane i fylket. Opplegget med samordning av særiddrettane sine terminlister for aldersgruppa opp til 16 år er vidareført i 2018 med to årlege møte.

Prosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fjordane»


Sogn og Fjordane idrettskrins starta i 2015 opp det felles utviklingsprosjektet for idretten i fylket, «Framtidas idrett i Sogn og Fj.», med visjonen «Gode i hop» og mål om ein kunnskaps- og verdibasert idrett med læring, samhandling og utvikling på tvers. Grunnlaget for prosjektsatsinga var eit ønske frå særkrinsane/regionane om å få i gong eit arbeid med systematisk utvikling av unge utøvarar.

I 2018 vart det gjennom Idrettens Møteplass og fagseminar jobba konkret med målsetjinga om å styrke trenar- og leiarkompetansen, tverrfagleg og tverridrettsleg. Med framtidig samanslåing på fylkes- og krinsnivå, har arbeidet med å etablere Olympiatoppen Vest i Sogn og Fjordane stoppa opp, men vil bli teke opp igjen som ein del av arbeidet i regionaliseringsprosessen.

2.1.3 Vaksenidretten

Mål: Fleire vaksne vel å vere aktive innanfor idrettslaga.



Utvikling i medlems- og aktivitetstal aldersgruppa over 20 år:



Vaksne 20+	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal i aldersgruppa	81423	81934	82666	82903	82822
Medlemstal	23646	24781	24520	25600	24775
Aktivitetstal	19152	17312	17070	18695	18023
Medlemstal i % av folketal	29 %	30 %	30 %	31 %	30 %
Aktivitetstal i % av folketal	24 %	21 %	21 %	23 %	22 %

Medlemstala har halde seg stort sett jamne i høve folketalet, medan det har vore ein nedgang for heile perioden totalt sett når det gjeld aktivitetstal.

Fordeling leiarar i idrettslag pr. 31.07.19:



Tiltak på kompetanseutvikling leiarar:

- Fagseminar april 2018 i Sogndal med innlegg frå Kjerstin Boge Solås og Jonny Pedersen, Marcus Haus og Marianne Aakre Laugerud.
- Idrettens Møteplass oktober 2018 i Sogndal med foredrag av Michael Jørgensen frå Olympiatoppen Vest med tema «Foreldre som ressurs».

2.1.4 Idrett for menneske med funksjonsnedsetting

Mål: Fleire menneske med funksjonsnedsetting får informasjon, finn og nyttar eit godt tilrettelagt lokalt aktivitetstilbod.

Idrettskrinsen samarbeider med fagkonsulent i paraiddrett om å legge til rette for kompetansetiltak og å ha paraiddrett på agendaen i møte med idrettslag, særkrinsar m.m. For å få til gode tilbud til målgruppa er ein avhengig av eit samspel mellom utøvar, idrettslag, særforbund/særkrinsar og kommunen. Særforbund og særkrinsar har ansvar for å tilrettelegge for målgruppa i sine idrettar, og vere pådrivar ovanfor idrettslag og lokalmiljø for å få i gang aktivitet.

I perioden har det vore arrangert:

- Fagseminar Idrettskrinsting april 2019: Foredrag ved paraiddrettsutøvar Marcus Haus om sin veg inn i idretten.
- Kurs tilrettelegging paraiddrett i Sogndal 19. mars (6 deltakarar) og 27. oktober 2018 (8 deltakarar).
- Undervisning tilrettelegging av paraiddrett for idrettsfagelevar (3.kl) ved Flora vgs i forkant av Grenselaus idrettsdag v/ paraiddrettskonsulent og idrettsfagleg konsulent, Idrettskrinsen
- Byrkjeloleikane – ein aktivitetsdag for deltakarar med utviklingshemming. Samarbeid mellom NFF Sogn og Fjordane, Friidrettskrinsen, Sogndal United og Breimsbygda IL
- Løveleikane – aktivitetsdag for deltakarar med utviklingshemming. Samarbeid trimgruppa Sogndal IL og Lions Club Sogndal.
- I tillegg var Idrettskrinsen representert på Sjøsportens dag på Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter i august 2018.

«Grenselaus idrettsdag»

Grenselaus Idrettsdag vart arrangert for femte gong i Førdehuset 17.november 2018. Arrangementet blir gjennomført med stønad frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, men organisert av Idrettskrinsen i samarbeid med fagkonsulent paraiddrett og Flora vidaregåande skule. Idrettslag stiller opp med utstyr og instruktørar. 49 deltakarar var med og fekk prøve 8 ulike idretter tilrettelagt av lokale idrettslag. Grunna kollisjon med anna arrangement for delar av målgruppa, vart deltakinga noko redusert i 2018 (72 deltakarar i 2017).



Bilete frå Grenselaus Idrettsdag 17.11.2018. Foto: Idrettskrinsen.

«Samspel»

«Samspel» eit samarbeidsprosjekt mellom organisasjonane 4H Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Røde Kors og Sogn og Fjordane idrettskrins. Organisasjonane vart utfordra av Gjensidigestiftelsen i 2016 til å sjå om det var grunnlag på å jobbe endå tettare i lag, og auke fokuset på sosial inkludering og mangfald. Prosjektet som det vart søkt om fekk tildelt midlar i slutten av 2016, og det vart tilsett ein prosjektleiar våren 2017. Den overordna målsetnaden til «Samspel» er å stimulere til auka deltaking i fritidsaktivitetar frå underrepresenterte grupper, og å skape eit betre samarbeid mellom organisasjonane og det offentlege, samt å trygge frivillige leiarar og tillitsvalde i organisasjonslivet i Sogn og Fjordane. Det vart i 2018 hovudsakleg jobba med å utvikle informasjonsmateriell som lokale arrangørar kan nytte seg av – nettstad, samt brosjyrer og flyerar på fleire språk.

Styringsgruppa er samansett av:

Dag Hovland, dagleg leiar Sogn og Fjordane Røde Kors

Åge Avedal, regionleiar 4H Nordvest

Anne Leversund, organisasjonssjef Sogn og Fjordane idrettskrins (Bodil Ryste tok over haust 2018)



2.1.5 Andre utdannings-/utviklingstiltak

Mål for tiltaka har vore å tilføre etterspurt kunnskap med høgt kvalifiserte forelesarar, lære av kvarandre og motivere for samhandling på tvers av særinteresser, miljø og fagfelt.

Fagseminar

Fagseminar 13. april 2018, Sogndal:

Idrettskrinstinget 2018 vart innleia med eit fagseminar fredag 13. april. Her fekk ein høyre erfaringar frå dei som, med sine historiske milepælar, har vist kva det betyr å ha eit sterkt utviklingsfokus og sjå utfordringane som moglegheiter.



Kjerstin Boge Solås, Marcus Haus og Marianne Aakre Laugerud. Foto: Ingrid Narum.

Desse hadde innlegg:

Marianne Aakre Laugerud fortalde om oppturar og nedturar i si dommarkarriere i fotball. I ei til tider tøff oppgåve som dommar trakk ho fram mykje av det positive med å løyse oppgåva som dommar, og kor viktig det er med god oppfølging frå klubb og krets undervegs.

Marcus Haus, parasymjar frå Eid, fortalde si historie og utvikling innan parasymjing. Han la mellom anna vekt på kor viktig det har vore å vere ein del av klubbmiljøet i Eid symjeklubb.

Kjerstin Boge Solås gav saman med tidlegare trenar, Jonny Pedersen, eit godt innblikk i si utvikling frå barne- og ungdomsåra i Dale IL til Tertnes og landslagsspel som 18-åring. «Gøy heile vegen i eit kjekt miljø», var den klare tale. Miljøet i Dale har fokus på å vere allsidig og oppmuntring om å vere med på ulike idrettar.

Deltakartal: 23

Idrettens Møteplass

«Idrettens Møteplass» er ein årleg felles møteplass for idretten i Sogn og Fjordane, der idrettskrinsen og særkrinsar/regionar kan legge eigne møter/tiltak i tillegg til fellesdelar med tverridrettsleg innhald. Ein vil kunne utnytte meir effektivt ressursbruken, både kostnad og organisering, og tidsbruken, til både arrangør/tilretteleggjarar og målgruppa. På møteplassen kan alle i idretten i Sogn og Fjordane møtast på tvers - tillitsvalte, frivillige, tilsette, trenarar, føresette og utøvarar frå særkrinsar/regionar, idrettsråd og idrettslag.

Idrettens Møteplass 2018, 27.oktober Sogndal (Sogndal vgs/Sogndal idrettshall):

Temaet for møteplassen var fokus på «foreldre som ressurs» og trening på tvers.

Dei ulike delane av møteplassen bestod av:

- Felles forum med foredraget «Foreldre som ressurs» v/ Michael Jørgensen, Olympiatoppen Vest
- Ulike forum/kurs;
 - Idrettsrådsamling (avlyst pga for få påmelde)
 - Kurs tilrettelegging paraiddrett (8 deltakarar)
 - Haustmøte Sogn og Fjordane Skikrins
 - Ope lagleiar møte Sogn og Fjordane Friidrettskrins
 - Ope lagleiar møte Sogn og Fjordane Orienteringskrins
- «Treningssamling på tvers» - ei tverridrettsleg treningssamling for utøvarar mellom 12 og 16 år med basistrening ved Atle Hole Sæterbakken (HVL) og Cecilie Eriksen (Olympiatoppen Vest).

Deltakartal: Ca. 120 (85 på foredrag/møter, 35 på treningssamling)



Pia Mørk Andreassen, Olympiatoppen Vest



Møtestad på tvers (lunsj i kantina)



Treningssamling på tvers, Sogndal idrettshall

Alle foto: Sogn og Fjordane Idrettskrins

Suksessformelen!
Hente impulsar og læring på tvers av særiddrettar, interesse, miljø og fagfelt

2.2 Organisasjonsmål

2.2.1 Idrettslaga – idrettsråda – særkrinsane/regionane – den frivillig innsats

Mål: Idrettslaga er godt rusta til å møte framtida der idrettsråd, særkrinsar/regionar og idrettskrinsen utgjer gode støttefunksjonar for lokalidretten, og det frivillige arbeidet i idretten er halde ved lag og styrka.

Idrettslaga

Medlemstalet i dei 192 idrettslaga pr. 31.12.18 var 44 272 eller i overkant av 40 prosent av innbyggjarane. Om lag 18 000 barn og ungdom i aldersgruppa 6-19 år deltek i idrettslaga sine aktivitetar i fylket, noko som er nær 90 % av innbyggjarane i aldersgruppa.

Målet i Handlingsplan 2016-2020 om å arbeide å utvikle organisasjonskompetansen til idrettslaga er følgt opp opp m.a. med;

- informasjonsteneste, rådgiving og rettleiing
- skulering på styrearbeid i idrettslaga
- kurs i elektroniske medlemsregistrering og rapportering
- klubb utvikling/klubbesøk
- erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling gjennom fellesmøte for idrettsledda

Idrettsråda

Pr. 31.12.18 er det 16 idrettsråd i fylket. I dei 10 andre kommunane (med mindre enn 3 idrettslag) tek det største idrettslaget i vare idrettsrådsfunksjonen. Idrettsråda må også følgje kommunestrukturen, og fleire har starta prosessen med samanslåing av idrettsråda. Frå 1.1.20 vil det vere 18 kommunar og idrettsråd i fylket. Idrettskrinsen bistår idrettsråda i samanslåingsprosessen.

Idrettsråda har ein viktig idrettspolitisk funksjon som felles talerøyr for idrettslaga inn mot kommunen for å oppretthalde og betre rammevilkåra for idretten lokalt. Styra i idrettsråda er viktige bidragsytarar i planprosessar med kommunedelplanar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, ved å sikre areal i samband med offentleg planarbeid og ved bygging av idrettsanlegg. Dei deltek i prioritering av søknader om spelemidlar og innstilling til løyving av kommunale midlar til idrettslaga, gjev uttale til kommunen i alle saker av felles interesse for idretten lokalt, og fordeler lokale aktivitetsmidlar (LAM) til idrettslaga (sjå eige punkt).

Idrettsråda har sentrale møteplassar for utvikling av idretten i lokalmiljøa. Årsmøta og andre fellesmøte i regi av idrettsråda, er viktige arenaer for dialog og samhandling mellom idrettslaga og styret i idrettsrådet, og med idrettskrinsen.

Idrettskrinsen har følgt opp idrettsråda med rettleiing m.a. i samband med fordelinga av lokale aktivitetsmidlar, samarbeid mellom idrettslaga i kommunen, og samarbeid mellom idrettsrådet og kommunen.

Prosjektet «Ein god idrettskommune»

Prosjektet «Ein god idrettskommune - idrettsrådet som pådrivar for idretten i kommunen» vart starta i 2015 og er støtta økonomiske frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjekt er organisert i administrasjonen i Sogn og Fjordane idrettskrins.

Mål for prosjektet; gjennom eit kompetanseløft skal idrettsråda i Sogn og Fjordane ha god kompetanse på å:

- organisere og administrere arbeidet i idrettsrådstyret i tråd med lov for idrettsrådet
- ha kompetanse på anleggsplanlegging og søknadsprosessen for spelemidlar til idrettsanlegg
- ha sikra gode samarbeidsrelasjonar til kommunen, m.a. gjennom samarbeidsavtale med kommunen, og status som rådgjevande organ for kommunen i idrettssaker
- vere pådrivar for utviklingstiltak/-arbeid ovanfor sine idrettslag

Tiltak som er sett inn i prosjektet og det daglege oppfølgingsarbeidet frå idrettskrinsen ovanfor styra i idrettsråda, er med å sikre at lokalidretten har eit godt fungerande fellesorgan for idrettslaga og ein kompetent samhandlingspart og pådrivar ovanfor kommunen. Oppfølgingstiltak ovanfor idrettsråda gir òg viktige møteplassar for idrettslaga og bidreg til å sikre dialogen mellom og med styra i idrettsrådet, idrettslaga og idrettskrinsen. Idrettskrinsen har i perioden laga ein informasjonsbrosjyre om idrettsråd for å tydeleggjere kva eit idrettsråd er og kvifor det er eit viktig organ. Denne er blitt distribuert til alle idrettsråd, idrettslag og kommunar i fylket.

Gjennomførte tiltak i 2018:

- 8 idrettsrådsbesøk – årsmøte til idrettsråda (Askvoll, Eid, Gloppen, Førde, Selje, Årdal, Luster og Flora)
- 2 regionsamlingar med hovudvekt på samanslåing av idrettsråd
 - Nye Sunnfjord Idrettsråd januar 2018 i Førde (Sogndal, Leikanger, Balestrand)
 - Nye Kinn kommune april 2018 i Florø (Flora, Vågsøy)
 - Nye Sogndal Idrettsråd mai 2018 i Sogndal (Sogndal, Balestrand, Leikanger)
 - Ei planlagt fellessamling for idrettsråda knytt til Idrettens Møteplass i Sogndal i november. Måtte avlysast pga for få påmelde.
 - Samhandlingstiltak med fylkeskommunen:
 - Igangsetting kommunedelplanprosessar.
 - Deltaking i arbeidet med og oppfølging av planar og tilhøyrande handlingsprogram for «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019» og «Regional plan for kultur 2019 – 2027».
- Informasjon/anna oppfølging frå idrettskrinsen:
 - Pådrivararbeid for å sikre målet om at alle idrettsråd har formell samarbeidsavtale med kommunen etter ein felles mal.
 - Oppfølging og rådgiving av enkeltidrettsråd ved ulike behov, t.d. fordeling LAM-midlar, talmateriale på omfang i kommunen (medlemstal m.m.), kommune-delplanarbeid.

Fokuset på å auke kompetansen opp mot måla i prosjektet, har gitt eit løft for denne delen i arbeidet i lokalidretten. Effekten kan m.a. målast gjennom eit auka tal møteplassar med styra i idrettsråda og tilhøyrande lokale idrettslag, betre samhandling med kommune og idrettsråda, og eit synlegare idrettsråd for lokalidretten.

Medlemar kommunevis og totalt:

Kommunar	2014	2015	2016	2017	2018
Askvoll	955	1 005	922	958	951
Aurland	427	628	658	471	407
Balestrand	599	595	557	564	566
Bremanger	1 348	1 368	1 471	1344	1212
Eid	2 874	2 849	2 774	2882	2735
Fjaler	821	1 286	1 480	1598	1430
Flora	4 290	4 433	3 785	3905	3682
Førde	3 185	3 899	4 166	4079	4281
Gaular	907	1 068	1 118	894	1059
Gloppen	4 029	3 701	3 845	3877	3977
Gulen	964	966	985	1084	1052
Hornindal	376	287	271	287	295
Hyllestad	478	470	403	408	399
Høyanger	1 808	1 899	1 874	1965	1922
Jølster	1 353	1 142	1 188	1468	890
Leikanger	1 086	994	843	835	914
Luster	2 286	2 190	1 950	2195	2050
Lærdal	965	1 061	1 049	1452	930
Naustdal	1 320	1 275	1 368	1332	1313
Selje	1 210	1 150	1 054	1030	1045
Sogndal	3 767	4 281	4 193	4045	4471
Solund	289	344	321	322	310
Stryn	3 235	3 420	3 489	3410	3395
Vik	1 008	605	776	572	788
Vågsøy	1 650	1 538	1 602	2143	2000
Årdal	1 689	2 033	2 115	2293	2197
Totalt	42 919	44 487	44 257	45413	44271

Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

LAM er spelemidlar etter overskotet frå Norsk Tipping.

Ordninga blei etablert som følgje av Stortinget si behandling av St. meld. nr. 27 (1996-97) og tilleggsmeldinga St. meld. nr. 44 (1997-98). Tilleggsmeldinga om staten sitt forhold til frivillige organisasjonar understreka behovet for å betre rammevilkåra for frivillig, medlemsbasert virke for barn og ungdom.

Målsettinga med tilskotsordninga er å bidra til aktivitet og deltaking i medlemsbaserte foreningar som driv idrett og fysisk aktivitet for barn og ungdom. Det er laga sin primæraktivitet som skal støttast og ordninga skal understøtte den frivillige innsatsen i laga.

Idrettsrådet i den enkelte kommune fordeler midlane ut frå vedtekne kriteria.

Tildelinga av LAM pr. kommune dei siste 5 åra:

Kommunar	2014	2015	2016	2017	2018
Askvoll	122 380	168 406	179 733	188 867	208 886
Aurland	65 714	90 039	94 652	95 938	104 647
Balestrand	55 714	75 366	73 382	79 761	81 347
Bremanger	176 428	243 439	248 507	267 875	277 152
Eid	279 046	394 171	415 123	449 970	497 075
Fjaler	140 475	190 749	210 220	232 133	245 267
Flora	559 045	784 673	832 728	881 881	956 133
Førde	599 759	840 698	895 121	972 553	1 063 233
Gaular	134 761	187 748	196 749	209 560	236 274
Gloppen	260 951	368 493	397 753	413 476	445 977
Gulen	104 761	139 394	146 410	154 254	164 329
Hornindal	59 762	79 368	85 081	88 414	93 610
Hyllestad	60 000	81 035	87 208	94 810	93 610
Høyanger	195 475	264 114	274 740	282 172	307 401
Jølster	140 237	196 085	220 147	234 015	256 304
Leikanger	105 714	144 062	152 436	166 293	181 906
Luster	227 856	322 473	333 233	349 893	383 434
Lærdal	92 380	125 721	130 457	141 086	145 934
Naustdal	124 761	170 407	183 987	198 649	213 791
Selje	123 333	164 071	176 543	175 323	190 491
Sogndal	321 189	448 861	487 442	525 216	558 800
Solund	31 190	43 686	42 186	46 276	51 097
Stryn	321 189	447 194	488 860	517 315	557 574
Vik	109 285	151 399	158 108	168 551	179 454
Vågsøy	260 237	363 157	377 546	408 585	444 751
Årdal	208 808	285 790	293 174	307 003	326 205
Sogn og Fjordane	4 880 450	6 770 599	7 181 526	7 649 869	8 264 682

Særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane

Idretten i Sogn og Fjordane er representert med 38 særiddrettar og hadde pr. 31.12.18 42 606 aktivitetsmedlemar (per 31.12.17 var aktivitetstalet 43 825).


Eit gjennomgåande trekk i perioden er godt samarbeid mellom idrettskrinsen og særkrinsane/regionane, og god oppslutnad om fellestiltak for erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samhandling om idrettspolitisk påverknad. I tillegg har ein i perioden utvikla nærare samhandling om oppfølging og utvikling av idrettslag og særgrupper, der ein nyttar seg av kvarandre sin kompetanse på tvers.

Samhandlingsområde, tiltak, fellesarenaer i 2018

- Tre dialogmøte med særkrinsar og regionar
- Dagleg leiar-møte
- Fagseminar dagen før Idrettskrinstinget
- Idrettens Møteplass
- Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar i vgs.
- Fagmøte/samordning av terminliste aldersfastlagde klassar
- Klubbutvikling, kompetanseutvikling


Idrettskrinsstyret og/eller administrasjonen har vore representert på særkrinsane/regionane sine årsting og på andre særkrins-/regionsmøte.


Utvikling av aktivitetstal totalt for alle særiddrettane:



Samla for særiddrettane var det pr. 31.12.18 registrert 42 606 aktivitetsmedlemar (i ein eller fleire idrettar) og ein nedgang på 1219 aktive i fylket samanlikna med 2017.

Utvikling i aktivitetstal i kvar særiddrett:





Særidrettar og aktivitetstal i Sogn og Fjordane pr. 31.12.18:

Idrett	Kvinner					Menn					Totalt
	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-	
Amerikanske idretter	0	2	0	1	7	0	5	3	2	25	45
Badminton	0	4	1	5	4	0	3	11	0	13	41
Bandy	0	0	12	30	21	0	23	55	54	76	271
Basketball	0	7	1	0	0	0	12	14	4	10	48
Biljard	0	0	11	1	0	0	5	21	11	18	67
Bogeskyting	0	4	11	5	13	0	8	15	4	52	112
Boksing	1	1	1	0	4	0	4	5	3	6	25
Bryting	0	0	2	5	12	0	0	19	16	30	84
Dykking	0	55	5	10	19	2	44	17	11	72	235
Fleridretter	0	3	15	4	293	0	0	0	0	24	339
Fotball	33	2059	1314	250	762	38	3069	2030	750	2168	12473
Friidrett	209	750	568	227	1407	200	904	672	256	1484	6677
Golf	0	9	19	13	257	0	16	53	66	996	1429
Gymnastikk og turn	94	877	314	9	206	21	383	129	7	101	2141
Handball	1	1089	869	121	397	0	862	436	78	191	4044
Hundekjøring	0	2	0	0	0	0	0	0	0	0	2
Judo	0	5	0	0	0	0	22	1	0	5	33
Kampsport	1	54	42	3	32	9	102	65	12	56	376
Kickboksing	0	0	3	1	0	0	0	4	3	5	16
Klatring	19	96	55	43	194	12	104	59	42	299	923
Luftsport	0	0	0	6	19	0	0	3	25	243	296
Motorsport	2	29	13	4	21	3	105	80	69	225	551
Orientering	7	65	27	0	95	4	74	45	10	131	458
Padling	0	3	6	124	109	0	13	17	59	138	469
Ridning	6	84	241	126	363	5	8	7	11	73	924
Segling	0	11	6	2	15	0	12	13	4	39	102
Ski	168	894	337	93	671	176	1101	524	177	988	5129
Skiskyting	1	50	36	5	60	0	54	34	14	98	352
Skyting	1	3	18	16	41	3	6	40	49	536	713
Skøyter	1	27	2	0	5	2	18	3	5	21	84
Studentidrett	0	0	12	43	11	0	0	15	62	18	161
Styrkeløft	0	0	0	5	15	0	0	8	33	46	107
Sykkel	2	13	19	3	82	3	24	47	38	435	666
Symjing	88	308	62	12	73	75	366	82	9	59	1134
Tennis	0	0	0	0	2	0	0	0	7	11	20
Triatlon	0	0	1	1	11	0	2	5	1	45	66
Vektløfting	0	15	58	17	65	0	39	122	47	136	499
Volleyball	1	113	288	161	178	0	149	203	179	222	1494
Totalt 38 idrettar	635	6632	4369	1346	5464	553	7537	4857	2118	9095	42606

Moderniseringsprosjektet i norsk idrett

I 2018 starta NIF «Moderniseringsprosjektet», som vart oppretta ut frå ei erkjenning av at idretten ikkje er organisert på ein mest mogleg effektiv måte og ikkje i tilstrekkeleg grad har klart å ta i bruk digitalisering for å sikre gode teneste, arbeidsprosessar og verktøy/løysingar. Det vart hausten 2018 gjennomført ei høyring i organisasjonen, som skapte stort engasjement i fylket. Idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar kom med innspel til høyringa, der Idrettskrinsen sendte inn ein samla uttale basert på innspela som kom. Høyringa la grunnlaget for vidare prosess i moderniseringsprosjektet fram mot Idrettstinget 2019. Det vart hausten 2018 sett i gang eit større arbeid med å løfte dei digitale fellesløysingane i norsk idrett.

2.2.2 Kompetanseutvikling

Mål: Medlemsorganisasjonane har ein framtidsretta og ansvarleg organisasjon med kvalitativt gode idrettstilbod sikra gjennom eit planmessig utdannings- og utviklingsarbeid.

Klubbutvikling

Klubbutvikling er alle utviklingstiltak som kan føre ein klubb, eit idrettslag eller gruppe frå ein no-situasjon til ein framtidig ønska situasjon. Vi analyserer status i klubben ved hjelp av *Organisasjonshjulet*:

I perioden har idrettskrinsen hatt samhandling om klubbutvikling med enkelte særkrinsar/særforbund.



Foto: Idrettskrinsen. Frå klubbmøte.

Nettverksmedarbeidarar:

Kurslærarar og klubbrettleiarar	
Synne Aafedt Liljedahl	Barneidrett, ungdomsleiarkurs
Ingrid Narum	Barneidrett, klubb utvikling
Ann Kristin Grodås	Ungdomsleiarkurs
Ruth-Sølvi Helland	Idrett for funksjonshemma
Stine Marie Jonstad	Barneidrett, klubb utvikling
Bodil Ryste (frå haust 2018)	Barneidrett, klubb utvikling
Erling Benjaminsen	Klubbadmin og økonomi

Klubb utvikling tiltak:

Klubb utvikling 2018	Tiltak
Klubb besøk	2
«Klubbens styrearbeid i praksis»	0
Klubb utviklingsprosessar (start- og eller oppfølgingsmøte)	1
KlubbAdmin	4
Kurs i økonomistyring og rekneskap	0
Temamøte barne- og ungdomsidrett	1
Aktivitetsleiarkurs barneidrett	3
Kurs tilrettelegging paraidrett	2

Idrettsrådsutvikling tiltak:

Idrettsrådsutvikling 2018	Tiltak
Idrettsrådsbesøk – årsmøte med temainnslag	8
Idrettsrådsbesøk med temainnslag	2
Felles idrettsrådssamling for styra i idrettsråda	Avlyst pga for få påmelde

Kompetansetiltak 2018:

Månad	Dato	Aktivitet
Januar	15	Dialogmøte IR Sunnfjord, Idrettens Hus Førde
Januar	29	Dialogmøte særkrins/region, Idrettens Hus Førde
Mars	14	IR Besøk Askvoll Idrettsråd
Mars	16 – 17	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, Hafslo
Mars	19	Kurs tilrettelegging paraiddrett, Sogndal
Mars	19	IR Besøk Eid Idrettsråd
April	12	IR Besøk Gloppen Idrettsråd
April	12	IR Besøk Førde Idrettsråd
April	13	Fagseminar, Sogndal
April	14	Idrettskrinsting 2018, Sogndal
April	18	IR Besøk Selje Idrettsråd
April	24	IR Besøk Årdal Idrettsråd
Mai	29	Dialogmøte IR Sogndal (Sogndal, Balestrand, Leikanger)
August	20	Para-aktivetsdag sjøsport, Hauglandssenteret
August	27	Dialogmøte særkrins/region, Idrettens Hus Førde
September	25	Klubbbesøk, Tambarskjelvar IL, vektløftargruppa
September	26	KlubbAdmin-kurs, Florø
Oktober	3	KlubbAdmin-kurs, Idrettens Hus Førde
Oktober	4	Temakveld barneidrettsaktivitet, Gaular IL
Oktober	19 – 20	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, Førde
Oktober	27	Idrettens Møteplass, Sogndal
Oktober	27	Idrettens Møteplass: Kurs tilrettelegging paraiddrett, Sogndal
Oktober	31	KlubbAdmin-kurs, Gloppen
November	1	Klubbutvikling Tambarskjelvar IL, vektløftargruppa
November	14	KlubbAdmin-kurs, Stryn
November	17	Grenselaus Idrettsdag, Førde
November	18	Dialogmøte særkrins/region, Idrettens Hus Førde
November	21	Foreldre-/medlemsmøte, Dale IL
November	27	Terminlistemøte særkrins/region, Idrettens Hus Førde
Nov/Des	30 – 1 des	Aktivitetsleiarkurs barneidrett, IL Jotun og ÅTIL

Trenarkurs i særvidrettar (målt i tal elevtimar = timar x tal elevar pr. kurs):

Særkrins	2014	2015	2016	2017	2018
Fotball	11 608	7 379	10 696	5 336	10 805
Friddrett	112	60	0	0	200
Gym/Turn	1253	240	1 148	854	648
Handball	817	496	1 349	894	796
Orientering	115	96	144	0	0
Ryttar	0	0	0	0	0
Ski	3 885	4 818	3 595	4 082	5 274
Skiskyting	180	0	295	138	18
Skyting	102	0	288	88	0
Symjing	220	160	180	120	368
Vektløfting	0	740	0	860	1000
Volleyball	987	1 479	1 244	311	0
Totalt	19 279	15 468	18 939	12 683	19 109

NB! Atterhald om kurs vi ikkje har registrert.




2.3 Rammevilkår

2.3.1 Idrettsanlegg

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane er samordna på anleggsutvikling og legg til rette for å ta i vare mangfaldet av idrettstilbod i fylket.

Spelemidlar til idrettsanlegg

Grafikk og tabell nedanfor syner utviklinga for spelemidlar til idrettsanlegg i Sogn og Fjordane:



Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg


Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%
2014	121 399 000,-	28 888 600,-	23,8 %
2015	155 101 000,-	37 867 000,-	24,4 %
2016	192 784 000,-	47 466 000,-	24,6 %
2017	210 904 000,-	54 993 000,-	26,1 %
2018	268 418 000,-	61 346 000,-	22,9 %

Ordinære anlegg

Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%
2014	115 123 000,-	24 573 600,-	21,3%
2015	142 402 000,-	35 526 000,-	24,9%
2016	171 111 000,-	40 308 000,-	23,5%
2017	183 327 000,-	47 265 000,-	25,8%
2018	237 645 000,-	53 402 000,-	22,5%

Nærmiljøanlegg

Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%
2014	6 276 000,-	4 315 000,-	68,8%
2015	12 699 000,-	2 341 000,-	18,4%
2016	21 673 000,-	7 158 000,-	33,0%
2017	27 557 000,-	7 728 000,-	28,0%
2018	30 773 000,-	7 944 000,-	25,8%



Figur 14 Fylkesvis ventetid for tildeling av midler i 2018

Ventetiden på utbetaling av spillemidler varierer fra ca tre år i Rogaland til et halvt år i Oslo. I 15 av fylkene er ventetiden på utbetaling nå mellom to og tre år, mens Vestfold, Østfold og Oslo har en ventetid på under to år.

Kjelde:

«Spillemidler til idrettsanlegg. En gjennomgang av søknader og tildelinger. 2018», Kulturdepartementet/NIF

Idrettsanlegg

Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å oppretthalde og styrke det idrettslege tilbodet i fylket. Sogn og idrettskrins har i perioden vidareutvikla eit godt samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane i fylket. Det er ein svært god dialog, og idretten vert involvert og får uttale seg i saker som angår idretten.

Idrettskrinsen er ein aktiv medspelar ovanfor fylkeskommunen i anleggsspørsmål og ved årleg fordeling av spelemidlar til idrettsanlegg i fylket.

På hausten 2018 starta arbeidet med å planlegge ein anleggskonferanse i samarbeid med Hordaland idrettskrets, og Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

2.3.2 Finansiering

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane har gode og påreknelege rammevilkår for organisasjons- og aktivitetsutvikling.

Dei økonomiske rammevilkåra for idrettslaga er styrka i perioden. Ved politisk og felles idrettspolitisk innsats, har norsk idrett fått auka økonomioverføringane til idrettslaga gjennom alle dei fire etablerte kompensasjons- og tilskotsordningane. Dei fire ordningane er lokale aktivitetsmidlar (LAM), momskompensasjon varer og tenester, momskompensasjon idrettsanlegg og grasrotandelen.


Idrettskrinsen har følgd opp arbeidet med å styrke dei økonomiske rammevilkåra for idretten i fylket ved møte med politikarar og administrasjon i fylkeskommunen. Det er ein etablert utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

2.3.3 Politisk påverknad

Mål: Idrettsorganisasjonane i fylket opptrer samla og brukar organisasjonen si politiske tyngde for styrke idretten sine økonomiske rammevilkår.

Politisk dialog

Det har gjennom heile året vore god dialog med fylkeskommunen, politisk med fylkesting, fylkesutval og politisk hovudutval og administrativt med ulike avdelingar. Idrettskrinsen har spelt inn idretten sitt syn til fellesnemnda i regionalisering av Hordaland og Sogn Fjordane fylke. Det har ikkje vore etablert noko fast dialog med stortingsbenken frå fylket.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

2.4 Idrett – samfunn – samhandling

2.4.1 Idretten sitt samfunnsansvar

Mål: Idretten i fylket er ein aktiv samfunnsaktør som deltek med sin kompetanse og er samarbeidspart med andre organisasjonar, offentlege instansar, arbeidsliv og friluftsliv.

Idretten sitt viktigaste bidrag til folkehelsearbeidet og til samfunnet, er den daglege idrettsaktiviteten i idrettslaga. Folkehelseperspektivet og lågterskel fysisk aktivitet blir i stor grad teke i vare gjennom breiddeidrettstilboda i idrettslaga og lokale krefter sin innsats med å legge til rette for eigenorganisert aktivitet. Gode døme på tilbod for folk flest er dagpreparerte langrennsløyper og alpinbakkar, kunstgrasflater, ballbingar, sandvolleybaner, turstiar og turorientering.

Idrettsmerket

Idrettsmerkearrangørane legg ned stor innsats år etter år og motiverer mange til fysisk aktivitet og trivsel, og legg til rette viktige sosiale møteplassar. Arrangementa med merkeprøvar er såleis god folkehelseaktivitet. Idrettskrinsen har oppgåver med informasjonsarbeid, registrering, bruk av regelverk, administrasjon bestillingar av utmerkingar og oppfølging av arrangørar. I 2017 gjekk Idrettsforbundet over til elektronisk registrering av idrettsmerkeprøvar, slik at kvar einskild kunne registrere sine prøver direkte på nett. Vi har framleis tilbod om at laga kan sende samlelistar manuelt dersom ynskjeleg. Utmerkingane kan laga tinge via nettbutikk eller via Idrettskrinsen. Utdeling av merke og diplom til dei som hadde teke idrettsmerket for 40.-, 50.- eller 60. gong i 2017 vart delt ut på Idrettskrinstinget i Sogndal i 2018.

Seks idrettsmerketakarar har oppnådd 50-årsmerke med NIF-diplom i perioden 2017-2018:

Jakob Austheim, Fjellhug Vereide IL, Marta Stokkenes, IL Modig, Birger Fagerlid, Olden IL, Per Birger Lomheim, Hafslø IL, Magne Tystad, Fjellhug Vereide IL, Kåre Øyri, Lærdal IL.

Fire idrettsmerketakarar har oppnådd 60-årsmerke med NIF-diplom i perioden 2017-2018:

Rasmus J. Bø, Stryn Turn og IL, Ragnhild Lødøen, Hornindal IL, Arnfinn Ommedal, Hyen IL og Eivind Skjerven, Stryn Turn og IL.

Avlagde prøvar i Sogn og Fjordane	Kvinner	Menn	Totalt
2017	61	64	125
2018	52	61	113

Oversyn over oppnådde utmerkingar og trofè							
År	Statuett	Krus	Min.stat.	Heiderspris	40-årsmerke	50-årsmerke	60-årsmerke
2017	2	1	1	2	5	2	3
2018	1	3	1	0	6	4	1

Samarbeid med vgs. idrettsfag

Idrettskrinsen har i perioden bygd opp eit godt samarbeid med vidaregåande skular med idrettsfag. Vi har halde foredrag ved vgs. idrettsfag om organiseringa av idretten og idretten i Sogn og Fj., og lagt til rette for gjennomføring av aktivitetsleiarkurs i barneidrett for elevar på idrettsfag.

2.4.2 Samhandling med offentlege aktørar

Mål: Gode samarbeidsrelasjonar mellom idretten og offentlege aktørar med ansvar for idrett og fysisk aktivitet.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Delmål:

- Kontinuitet i samhandlinga om tiltak med felles mål og felles målgrupper
- Følgje opp og oppdatere utviklingsavtalen mellom idretten og fylkeskommunen
- Følgje opp handlingsprogram og forpliktande mål for idrettsorganisasjonane i Regional plan for folkehelse 2015-2025 og Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Vidareføre prosjektet "Ein god idrettskommune"
- Sikre ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar og for spissa idrettstilbod i vg skule som varige tilbod

Det er perioden utvikla eit svært godt samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune med god dialog, felles møtepunkt og samarbeidstiltak.

Utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og idrettskrinsen

Utviklingsavtalen 2017-2019 mellom Sogn og Fjordane idrettskrins, på vegne av idretten i fylket, og Sogn og Fjordane fylkeskommune vart undertekna 18.08.17. I utviklingsavtalen ligg målet «Fysisk aktivitet for alle», og samarbeid om til dømes å ta vare på og styrke den frivillige innsatsen, fremje trivsel og helse og tilrettelegging gjennom anleggsutbygging. Etter ynskje frå fylkeskommunen er tidlegare avtalar mellom særkrinsar og ulike avdelingar i fylkeskommunen innarbeid i denne avtalen. Avtalen vert følgt opp gjennom årlege evalueringssamtalar og rapportering gjennom årsmelding.

Regional plan for kultur 2019 – 2027 med handlingsprogram for 2019-2022

Samarbeidet med fylkeskommunen er vedlikehalde og vidareutvikla, m.a. i eit engasjement for at fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skal vere ein viktig del av den nye regionale planen for kultur som no vert utarbeidd. Idretten er med i partnerskapen for å gje innspel til dette temaet. Organisasjonen gav sine innspel via Idrettskrinsen som leverte skriftleg høyringsuttale til regional plan for kultur og til handlingsprogrammet hausten 2018. Regional plan for kultur erstattar den regionale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for perioden 2016-2019, og dannar saman med Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for kultur grunnlag for utforming av kulturpolitikken i det nye Vestland fylke. Fylkestinget vedtok planen 19. oktober 2018, og handlingsprogrammet 4. desember 2018.

[Lenkje til Regional plan for kultur.](#) [Lenkje til Handlingsprogram.](#)

Det er òg godt samarbeid med opplæringsavdelinga med oppfølging av «Spissa idrettstilbod i vgs. for potensielle toppidrettsutøvarar».

Høgskulen på Vestlandet

Delmål:

- Sikre god samhandling for å tilføre det beste av idrettsfagleg kompetanse til idrettsmiljø i fylket
- Koordinere ordninga «Toppidrettsstudent» mellom HVL og idretten

Idrettskrinsen har alltid hatt eit konstruktivt og nært samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Idretten har kunna nytta seg av HVL sin kompetanse på fellesidrettslege samlingar, møter og kurs der denne kompetansen har vore etterspurt frå idretten. Studentar ved HVL har tilsvarande drege nytte av kompetanse gjennom kurs idretten har halde for dei.

Frå 01.01.2017 vart Høgskulen i Sogn og Fjordane slått saman med Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund til Høgskulen på Vestlandet. Idretten har ikkje fått etablert samhandlingsstruktur med den nye organisasjonen slik den har vore.

Ordninga «Toppidrettsstudent» er etter samanslåinga til Høgskulen på Vestlandet koordinert av Olympiatoppen Vest. Ordninga gjer det mogleg å kombinere studium med idrettsleg utvikling på toppidrettsnivå.

Olympiatoppen Vest

Med bakgrunn i regionaliseringsprosessen til Vestland fylke og Vestland idrettskrins, vart det i 2018 jobba med planar for forsterke Olympiatoppen sitt engasjement i Sogn og Fjordane fylke. Ein ville ha større fokus på arbeidet med utøvarar frå heile fylket vårt , og sjå på korleis ein kunne utvikle Olympiatoppen Vest i nye Vestland fylke der utøvarar frå begge dei gamle fylka fekk same tilbodet.

Organisasjonssjef deltok på Prestasjonskonferansen til OLT-Vest i Bergen hausten 2018, og Olympiatoppen bidrog med foredragshaldarar på Idrettens Møteplass 2018.

2.4.3 Tverridrettsleg samhandling på regional og lokalt nivå

Mål: Idretten i fylket er kjenneteikna av fagleg og organisatorisk samarbeid og erfaringsutveksling på alle nivå i samsvar med den norske idrettsmodellen.

Eit gjennomgåande trekk i perioden er godt samarbeid mellom idrettskrinsen, særkrinsane/regionane, idrettsråda og idrettslaga. Det har vore lagt til rette for god samhandling og dialog, til dømes gjennom:

- Idrettens møteplass som felles møtestad for heile idretten i fylket
- Dialogmøte med særkrinsar/regionar, samt idrettsrådssamlingar
- Idrettskrinsstyret/administrasjon som har vore representert på særkrinsar/regionar sine ting/årsmøte, og på møte med idrettsråd og idrettslag

Årsrekneskap

Sogn og Fjordane idrettskrins

2018

NORGES
IDRETTSFORBUND

Sogn og Fjordane idrettskrins



ØKONOMISK ÅRSBERETNING SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

2018

Sogn og Fjordane Idrettskrins (SFIK) er eit fellesorgan for idretten i Sogn og Fjordane og består av alle idrettslag, idrettsråd og særkrinsar tilslutta Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komite. SFIK held til på Idrettens Hus i Førde.

SFIK skal arbeide for at innbyggjarane i fylket får høve til å utøve idrett i sunne former ut frå sine ønskje og behov, og utan å bli diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn. Idrettskrinsen skal vere ein positiv verdiskapar for individ og samfunn.

SFIK hadde 31.12.18 registrert 193 idrettslag, 16 idrettsråd og 37 forskjellige særiddrettar har aktivitet i desse idrettslag.

SFIK hadde ved utgangen av rekneskapsåret 2 personar tilsett i 2 årsverk.

1 stilling var ikkje bemanna.

Styret består av 5 styremedlemar og 2 varamedlemar. Blant desse er det 3 kvinner.

Sjukefråværet var 0,0 % i 2018.

Rekneskapen for SFIK syner eit overskot på kr. 532.378,-.




Pr. 31.12.18 er eigenkapitalen på kr. 9.474.978,-

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen, med tilhøyrande notar, gjev fullgod informasjon om verksemda gjennom året. Den likviditetsmessige stillinga er god.

Styret kjenner ikkje til at det etter rekneskapsårets slutt er skjedd noko som er av ein slik karakter at det påverkar SFIK si stilling og styret meiner føresetnaden for vidare drift er til stades.

Det er eit godt arbeidsmiljø og det er ikkje rapportert om skadar eller ulukker i samband med arbeidet. SFIK ureinar ikkje det ytre miljø ved si verksemd.

Førde 06.05.19

 Arve Heimdal Styremedlem	 Nils R. Sandal Leiar	 Lilly Schøyen Styremedlem
 Ruth Sølvi Helland Styremedlem	 Emil Hillestad Styremedlem	
 Bodil Ryste Fung. Organisasjonssjef		

Sogn og Fjordane idrettskrins

Resultatrekneskap 2018

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTE	2018	2017
	1		
INNTEKTER			
Sponsor- og salgsinntekter		462	84
Offentlige tilskudd	2	3 503 337	3 543 952
Andre inntekter	3	1 122 710	762 141
Sum driftsinntekter		4 626 509	4 306 176
Varekostnad		0	10 595
Lønns- og personalkostnader	4	1 996 401	2 131 694
Avskrivningar	13	85 131	80 328
Tilskot	5	780 076	816 185
Andre driftskostnader	6	1 315 198	1 174 682
Sum driftskostnader		4 176 806	4 213 484
Driftsresultat		449 703	92 692
Finansposter			
Finansinntekter	7	82 675	55 000
Finanskostnader		0	0
Sal av aksjar	7	0	2 350 000
Utbytte	7	0	2 693 000
Sum finansposter		82 675	5 098 000
ÅRSRESULTAT		532 378	5 190 692
Disponering av årets resultat			
Til/fra egenkapital		-532 378	-5 190 692
Avsetning/selvpålagte restriksjoner			
Sum disponering		-532 378	-5 190 692

Sogn og Fjordane idrettskrins





Balanse per 31.desember 2018

EIGENDELAR	NOTE	2018	2017
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Idrettens Hus	13	1 957 714	1 999 200
Inventar og utstyr		<u>1</u>	<u>1</u>
Sum varige driftsmidler		1 957 715	1 999 201
 Finansielle anleggsmidler			
Lån til SOFIK AS		0	0
Investeringer i aksjer og andeler	7	<u>0</u>	<u>0</u>
Sum finansielle anleggsmidler		0	0
 Sum anleggsmidler		<u>1 957 715</u>	<u>1 999 201</u>
 Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer	8	66 621	179 717
Andre kortsiktige fordringer	9	<u>9 895</u>	<u>2 702 967</u>
Sum fordringer		<u>76 516</u>	<u>2 882 684</u>
 Bankinnskudd, kontanter o.l.	10	8 677 093	5 405 626
 Sum omløpsmidler		<u>8 753 608</u>	<u>8 288 310</u>
 SUM EIGENDELAR		<u><u>10 711 323</u></u>	<u><u>10 287 511</u></u>

EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital	11	8 942 600	3 751 908
Årsresultat	11	<u>532 378</u>	<u>5 190 692</u>
Sum egenkapital		<u>9 474 978</u>	<u>8 942 600</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		213 136	329 385
Skatt og offentlige avgifter		0	0
Annen kortsiktig gjeld	12	<u>1 023 210</u>	<u>1 015 526</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 236 346</u>	<u>1 344 911</u>
Sum gjeld		<u>1 236 346</u>	<u>1 344 911</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u><u>10 711 323</u></u>	<u><u>10 287 511</u></u>

Førde 06.05.19

 Arve Heimdal Styremedlem	 Nils R. Sandal Leiar	 Lilly Schøyen Styremedlem
 Ruth Sølvli Helland Styremedlem		 Emil Hillestad Styremedlem
	 Bodil Ryste Fung. Organisasjonssjef	

1.2. Sogn og Fjordane Idrettskrins

Noter til rekneskapen 2018

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med regnskapsloven av 1998 og god rekneskapsskikk i Norge

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterie lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Dersom verkeleg verdi av anleggsmidlar er lågare enn balanseført verdi og verdifallet forventast ikkje å vere forbigåande, er det føreteke nedskriving til verkeleg verdi. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid avskrivas lineært over den økonomiske levetida.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Annan langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Aksjar og andelar i andre selskap

Aksjar der selskapet ikkje har betydelig innverknad, er klassifisert som anleggsmidlar og er balanseført til anskaffelseskost. Investeringsane nedskrivas til verkeleg verdi ved verdifall som forventast å ikkje vere forbigåande. Mottatt utbytte frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Nedskrivingar reverserast når grunnlaget for nedskriving ikkje lengre er til stade.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffelse.

Pensjon

Pensjonsordningar finansiert via sikra ordningar er ikkje balanseført.

Pensjonspremien sjåast i desse tilfelle som pensjonskostnad og klassifiserast saman med lønnskostnader.

Inntektsføringsprinsipp

Driftsinntekter og offentlige tilskot vert inntektsført når dei er opptent.

Sponsorinntekter vert inntektsført over avtaleperioden.

Periodiseringsreglar

Utgifter kostnadsførast i same periode som tilhøyrande inntekt.

For prosjekt som har øyremerka midlar der aktiviteten ikkje er fullført ved perioden sitt utløp, vert det gjort inntektsavsetningar.

Skatt

Sogn og Fjordane idrettskrins driv ikkje skattepliktig verksemd og er difor ikkje skattepliktig.

Note 2 Offentlege tilskot

Rekneskapsposten består av:	2018	2017
Fylkestilskot	1 250 000	1 250 000
Prosjekttilskot fylket	200 000	200 000
Rammetilskot frå NIF	1 756 472	1 758 669
Tilskot til klubb- og idrettsrådsutvikling frå NIF	233 737	158 719
VO-tilskot frå NIF	1 364	71 676
Prosjekttilskot NIF		36 031
Tilskot til kursaktivitet frå NSF		9 000
Tilskot overført til 2019	-150 000	-150 000
Tilskot overført frå 2017	150 000	150 000
Andre tilskot	61 764	59 856
Sum	3 503 337	3 543 952

Note 3 Andre inntekter

Rekneskapsposten består av:	2018	2017
Momskompensasjon	217 676	210 947
Kursinntekter	462 706	217 969
Sal rekneskapstenester	287 750	248 625
Andre inntekter	154 578	84 600
Sum	1 122 710	762 141

Note 4 Lønns- og personalkostnader

	2018	2017
Lønn fakturert frå NIF	1 850 947	1 962 162
Andre ytingar fakturert frå NIF	0	54 419
Andre personalkostnader	145 453	115 114
Sum	1 996 401	2 131 694
Tal årsverk	2,6	3

Frå 2005 blei alle lønnskostnader i idrettskrinsen ført brutto i NIF sitt rekneskap og vidarefakturert idrettskrinsen.

NIF har det formelle arbeidsgjevaransvaret for tilsette i idrettskrinsen og kostnaden presentert i krinsen sitt rekneskap utgjør vidarefaktureringa av lønn frå NIF.

Tal årsverk reflekterer tal årsverk som er utført for krinsen i rekneskapsåret.

Lønn til organisasjonssjef utgjør kr 703.471.

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr 51.200,- inkl. mva. til lovpålagt revisjon og kr. 53.488,- til anna bistand.

Det er i 2018 ikkje utbetalt godtgjersle for tapt arbeidsforteneste til styreleiar.

Det er ikkje gitt lån til tilsette pr. 31.12.18.

Idrettskrinsen er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Krinsen sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lov. For 2018 er det betalt inn kr 113.526 og kostnadsført kr. 113.526 i pensjonspremie.

Krinsen sine tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år.

Note 5 Tilskot

Rekneskapsposten består av:	2018	2017
VO-tilskot til særkrinsar og andre	0	61 184
Direkte tilskot til særiddrettane	777 576	743 001
Andre tilskot	2 500	12 000
Sum	780 076	816 185

Note 6 Andre driftskostnader

Rekneskapsposten består av:	2018	2017
Kontorkostnader	626 213	611 729
IT-kostnader	113 760	115 283
Idrettsfagleg bistand	59 100	46 100
Reise- og opphaldskostnader	314 807	292 805
Andre kostnader (inkludert avsetningar)	201 318	108 766
Sum	1 315 198	1 174 682

Note 7 Finansielle anleggsmidlar

Sogn og Fjordane idrettskrins fekk for året 2017 eit utbytte på kr. 2.693.000 frå Sofik AS.

Aksjane i Sofik AS vart i slutten av 2017 seld med ein vinst på kr. 2.350.000,-.

Note 8 Kundefordringar

Debitormassen er oppført til pålydande med frådrag for avsetning til usikre fordringar på kr. 66.621,-.

Note 9 Andre kortsiktige fordringar

Rekneskapsposten består av:	2018	2017
Saldo frankeringsmaskin	3 503	9 967
Utbytte frå Sofik AS		2 693 000
Fordringer på ansatte	6 392	
Sum	9 895	2 702 967

Note 10 Bankinnskot

Av likvide midlar på kr 8.677.092,75 utgjør bundne skattetrekksmidlar kr 22,04

Note 11 Eigenkapital

	Eigenkapital
Eigenkapital pr 01.01.18	8 942 600
Årets endring i eigenkapital:	
Årets resultat til anna eigenkapital	532 378
Avsetning/sjølvpålagde restriksjonar	0
Eigenkapital pr. 31.12.18	9 474 978

Note 12 Anna kortsiktig gjeld

Rekneskapsposten består av:	2018	2017
Påløpte kostnader	21 397	0
Forskotsbetalte inntekter	260 000	285 000
Atthaldne særkrinstilskot grunna manglande rapportering	56 770	45 483
Skuldig lønn		
Innbetalt frå nedlagde idrettslag	46 191	46 191
Rest lotteriinntekter	638 852	638 852
Sum	1 023 210	1 015 526

Note 13 Varige driftsmidler

Avskrivning Idrettens Hus	
	2018
	Bygning
Anskaffelseskost 01.01	2 079 528,06
Tilgang	43 645,00
Avgang	
Anskaffelseskost 31.12	2 123 173,06
Akkumulert avskrivningar 31.12	165 459,06
Balanseført verdi 31.12	1 957 714,00
Årets avskrivning	85 131,00
Forventa økonomisk levetid	25 år
Avskrivningsplan	Lineær

1.3. Revisjonsmelding Sogn og Fjordane Idrettskrins 2018



Til årsmøtet i Sogn og Fjordane Idrettskrins

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Sogn og Fjordane Idrettskrinss årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2018, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2018, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlaget for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av organisasjonen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

PricewaterhouseCoopers AS, Naustdalsvegen. 1B, NO-6800 Førde

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil dekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av organisasjonens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Førde, 6. mai 2019
PricewaterhouseCoopers AS

Trond Naustdal
Statsautorisert revisor

1.4. Melding frå kontrollkomiteen Sogn og Fjordane Idrettskrins 2018

Til

Krinstinget i Sogn og Fjordane Idrettskrins

MELDING FRÅ KONTROLLKOMITEEN FOR 2018

Kontrollkomiteen har teke utgangspunkt i NIF sin lov der det i § 2-12

Kontrollkomiteen m.a. heiter:

«...Kontrollkomiteen skal påse at organisasjonsleddets midler er anvendt i henhold til lover, vedtak, bevilgninger og økonomiske rammer, samt at de foretatte økonomiske disposisjoner er i samsvar med organisasjonsleddets lov og beslutninger fattet av årsmøte/ting...»


Kontrollkomiteen har saman med revisor gått gjennom Sogn og Fjordane Idrettskrins sitt rekneskap for 2018, samt revisjonsmelding frå revisjonsselskapet PricewaterhouseCoopers AS.

Etter vår meining

- gjev rekneskapen tilfredsstillande oversikt over den økonomiske sida av verksemda - i samsvar med lov og vedtak
- er satsingane til styret på område som Krinstinget har prioritert
- har styret følgt opp alle prioriterte område på ein god måte

Vi gjer framlegg om at rekneskapet for Sogn og Fjordane Idrettskrins slik det er lagt fram, blir godkjend.

Førde 10.05.2019


Terje Gjertsen


Bjørg Eikum Tang

